

VISITASMELDING FOR KYRKJELYDANE I STRYN KOMMUNE



27.april-1. mai 2022

Innhald

1. PROGRAM FOR VISITASEN	3
2. KORT HISTORISK RISS SIDAN FORRIGE VISITAS	3
3. TILHØVA I KOMMUNEN	4
4. RÅD OG TILSETTE	5
4.1 Sokneråd og fellesråd	5
4.2 Tilsette pr mai 2021.....	5
5. DET ÅNDELEGE LIVET I KYRKELYDANE	6
Oppstryn	7
Nedstryn	7
Loen	7
Randabygd	7
Nordsida	7
Olden	7
Innvik	7
Utvik	7
5.1 Generell vurdering.....	8
5.2 Det kyrkjelege arbeidet	8
5.2.1 Gudstenestelivet	8
5.2.2 Gudstenester og Kyrkjelege handlingar, med statistikk	8
Nedstryn, Oppstryn og Loen	8
Kommentarar til statistikken	9
Utvik, Innvik og Olden.....	10
Nordsida og Randabygd sokn.....	13
5.2.3 Trusopplæring	17
Alder	19
Tiltak	19
Deltakarar prosent	19
Snitt	19
5.2.4 Undervisning.....	21
5.2.5 Diakoni	22
5.2.6 Misjon.....	22
5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd	23
Historikk.....	23
Status.....	23
Tilsette og frivillege	23
Planar og behov.....	23

5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid	23
5.2.9 Vaksenarbeid	23
5.2.10 Gjevarteneste	23
5.2.11 Informasjonsarbeid, kyrkjelydsblad, nettsider, sosiale medium, strategi.....	23
6. KYRKJE OG KOMMUNE	24
6.1 Fellesrådsøkonomi og forvaltning	24
6.2 Kyrkjer og gravplassar	24
7. VEGEN FRAMOVER, STRATEGIAR OG MÅL	29
8. SLUTTORD/KONKLUSJON	30
VEDLEGG	30
Vedlegg 1: Soknerådsmedlemmer	30
Vedlegg 2: Rapport frå Utvik sokneråd	30
Vedlegg 3: Rapport frå Innvik Sokneråd.....	30
Vedlegg 4: Rapport frå Olden sokneråd	30

1. PROGRAM FOR VISITASEN

Onsdag 27. april

1130: Stabsgudsteneste i Nordsida kyrkje
1200: Lunsj i Nordsida kyrkje
1230: Biskopen møter staben. Nordsida kyrkje
1430: Samtale med Henny Koppen. Kontoret i Stryn
1535: Samtale med kateket Beate Nes. Kontoret
1635: Innsjekk og middag på Stryn hotell
1800: Samtalebudsteneste på Stryn kulturhus
2000: Frivilligfest på Stryn kulturhus

Torsdag 28. april

0900: Morgonandakt i Nedstryn kyrkje
0940: Konvent med prestane og kateketen på Betania i Stryn
1140: Lunsj på Betania
1345: Samtale med Kari på kontoret
1445: Møte med kommunen
1615: Fri. Middag på hotellet
1800: Møte med soknerådsleiarane på Stryn hotell
1830: Møte med sokneråda og staben på Stryn hotell

Fredag 29. april

0900: Skulebudsteneste i Olden
1000: Samtale med Harald Runde
1130: Festlunsj på Arbeidssenteret
1315: Spørjetime på Stryn vidaregåande skule ?
1500: Afternoon tea på Gamlebutikken på Hjelle. Tur til Segestad eller Bombeneset.
1900: Middag for biskopen hos organist Galya Radeva?

Søndag 1. mai

1015: Visitasforedrag ved Sagedammen
1100: Visitasbudsteneste ved Sagedammen. Søndagsskule
1200: Kyrkjekaffi og grilling
1230: Aktivitetar for born
1400 (om lag): Middag og avreise

2. KORT HISTORISK RISS SIDAN FORRIGE VISITAS

Siste visitas for Nordsida og Randbygd var i 2001, dei andre sokna hadde visitas i 2006. Sidan den gongen har det vore skifte av prest fleire gonger, både i gamle Hornindal prestegjeld og i Stryn prestegjeld. I gamle Innvik prestegjeld har det vore stabilt. Kommunen har vore råka av nokre opprivande hendingar i løpet av denne tida. I 2011 mista vi ein ungdom på Utøya, og same helga tok eit fryktelege uver med seg vegar, bruer og bygningar på Nordsida. I 2017 tok ein storflaum med seg vegar, bruer, bygningar og jordbruksland i Utvik. Dette var hendingar der kyrkja fekk spele ei rolle for å bearbeide sorg og sinne. Stryn, med sin flotte og utfordrande natur, er den største turistkommunen på Vestlandet, mellom Bergen og Ålesund, og vi har i «alle år» hatt utfordringar med ulykker som har ramma både turistar og fastbuande. I 2017 opna Loen Skylift, som går frå fjorden og opp til 1000 meters høgde på fjellet Hoven. Plataet har blitt populært som startpunkt for ulike luftsport-

aktivitetar, med dei utfordringar det har ført med seg mellom anna for politiet, Røde kors og kriseteamet i kommunen. På den andre sida er også dette positivt for turistnæringa i kommunen.

3. TILHØVA I KOMMUNEN

Stryn kommune ligg inst i Nordfjord. Kommunen grensar i nord til Volda og Stranda, i aust til Skjåk, i søraust til Luster, i sørvest til Sunnfjord og i vest til Gloppen og Stad. Kommunesamanslåingane i 2019 hadde berre små konsekvensar for Stryn, ein fekk lagt til eit lite areal mot aust, i Markane.

Stryn	
	
Land	 Norge
Fylke	Vestland
Status	kommune
og ry innbyggernavn	Stryning
Grunnlagt	1843
Adm. senter	Stryn
Areal	
– Totalt	1 382,06 km ²
– Land	1 325,93 km ²
– Vann	56,13 km ²
Befolkning	7 130 (2020)
Bef.tetthet	5,38 innb./km²
Antall husholdninger	2 928
Kommunenr.	4651
Høyeste topp	Lodalskåpa (2082,9 moh.)
Politikk	
Ordfører	Per Kjøllesdal (Sp) (2019)
Varaordfører	Torstein Tvinnereim (V) (2015)


I mellomalderen vart namnet på bygda Stryn skrive Strjon eller Strion, som truleg betyr den strøymande, med referanse til Stryneelva, som svingar seg elegant nedover Strynedalen. På grunn av den vakre og utfordrande naturen har Stryn utvikla seg til ein populær turistkommune, og arrangement som Skåla opp, Oktoberfest og Motorfestival trekkjer svært mange tilreisande.

Kommunen har eit breitt fritidstilbod til born og unge, og særleg idretten samlar mange. Kjende fotballspelarar og skiskyttarar er og har vore forbilde for mange born. Det har vore satsa på friluftslivet dei siste åra, med gode skiløyper som fungerer godt sommar som vinter, rydda og merka stiar, fleire gapahukar kring om i terrenget, og ikkje minst dagsturhytta i sentrum. Organisasjonar som Røde kors og KFUK-KFUM-speidarane appellerer til folk i alle aldrar som trivst med friluftslivet. Vandreturar for eldre og onsdagsturar i regi av Indre Nordfjord turlag er og viktige for folkehelsa.

Musikklivet har stått sterkt i området, og mest kvar bygd har eit blandakor. Fleire bygder har musikkorps, ofte både med born og vaksne, og både kor og korps stiller villig opp i mange samanhengar. På Nordsida finst spelmannslaget Fjelljom, leia av Arne Sølvsberg, der alle aldrar møtest til spel, song og dans.

Næringslivet er i høg grad prega av turismen, og i ein sommar med korona var her sær mange turistar, grunna at ein måtte feriere i heimlandet. Hotell og campingplassar var dels så fulle at mange måtte ty til «villcamping». Grafen nedanfor viser fordelinga av yrke. Ein må nemne Nordfjord Kjøtt som den største bedrifta i området. Her er det arbeid for langt fleire enn dei som budde her opphavleg, og mange familiar

frå Aust-Europa har slått seg ned i Loen for å arbeide ved slakteriet. Innvandrarar frå fleire land har slått seg ned i bygda, mellom anna har vi ein aktiv, eritreisk kyrkjelyd som har møta sine på Betania, bedehuset i Stryn sentrum. (Ruta til venstre er klipt frå Wikipedia, oppdatert 2020)



4. RÅD OG TILSETTE

Kyrkja i Stryn er delt inn i åtte sokn med kvart sitt sokneråd. Det er Utvik, Innvik, Olden, Loen, Nedstryn, Oppstryn, Nordsida og Randabygd. Stryn Kyrkjelege Fellesråd er sett saman av ein representant for kvart av sokna, ein av prestane og ein representant frå Stryn kommune.

4.1 Sokneråd og fellesråd

I eit vedlegg er der oversikt over kven som er medlemmer i sokneråda, og kva roller dei ulike medlemmene har. Vararepresentantane står og på lista.

4.2 Tilsette pr mai 2021

Fellesrådet har 23 tilsette i sin stab. I tillegg er der ledige stillingar som sekretærar i fleire sokn. Tre prestar er tilsette av bispedømerådet.

Namn:	Still. %	Stilling:
Jens Rauschenbach	100	Fagarbeidar
Birger Skåre	100	Kyrkjegardsarb/kyrkjetenar
Paul Zuijdam	100	Kyrkjegardsarb/kyrkjetenar
Kari Synnøve Muri	100	Kyrkjevevje
Beate Nes	100	Kateket
Martine Bø Solbakken	100 (-20)	Kyrkjelydspedagog
Guro Petronella A. Nordnæs -Enerhaug	60	Trusopplæringsmedarbeidar
Margrete Matvik Lillestøl	60	Sekretær
Galya Radkova Radeva	50	Organist
Anders Viktor Kvile	50	Organist
Oddvar Bergset	27,39	Organist/Kyrkjetenar/Sekretær

Kyrre Johan A. Nordnæs- Enerhaug	25	Kyrkjetenar
Anne L. Honningsvåg	20	Sekretær
Gunnar Aaland	15,38	Kyrkjegardsarbeidar
Inger Signe Rake	12	Kyrkjetenar
Olaug Kristin Tunold Aarøen	8,33	Sekretær
Bjarte Hopland	7	Kyrkjetenar
Elise Sandøy Skarstein	6	Sekretær
Jan Gudmund Skrivervik	6	Klokkar
<u>Vikarar våren 2022:</u>		
Elisabeth Skarstein		Kyrkjelydspedagog
Anitha Kvamme		Organist
Laila Thastum Sunde		Kyrkjelydspedagog
Thomas Zuijdam		Kyrkjegardsarbeidar
Harald Runde	100	Sokneprest
Hege Høiby	100	Sokneprest/prostiprest
Henny Koppen	100	Sokneprest/sjukehusprest



(Bilete: Adventslunsj på kontoret i 2019).

5. DET ÅNDELEGE LIVET I KYRKELYDANE

Dei åtte kyrkjelydane har gått saman om nokre få fellestiltak. Trusopplæringa arrangerer familiesamling for småbarnsforeldre med middag og «søndagsskule», årleg er det ein aktivitetsdag for born og familiar ved Sagedammen. Naustmessa, ved Bergsetnausta er ei felles gudsteneste for alle kyrkjelydane 2. pinsedag. Kyrkjelydane støttar NMS sitt misjonsprosjekt i Mali. Dei lokale blandakora stiller villig opp på gudstenester og salmekvelder, ikkje berre i eiga bygd. Barnekora i Utvik, Olden og på Nordsida gjer gudstenestelivet rikare og oppslutninga større. Alle kyrkjelydane

arrangerer friluftsgudstenester, og oppslutninga om desse har vore god, medan tilstrøyminga til gudstenester utan spesielle «trekkplaster» stort sett har vore dalande.

Oppstryn

Søndagsskulen i Oppstryn, drifta av Marie-Johanne Folven, er kanskje den med størst oppslutning i heile kommunen, dei har fleire medlemmer enn det bur born i soknet. Oppstryn har og eit velfungerande arbeid for eldre, kalla «Hyggestund», ei samling med underhaldning, eit tema for kvar gong, lotteri og kaffi.

Nedstryn

Her står speidararbeidet sterkt, som det har gjort sidan tidleg på 80-talet, Jarle Hessevik og Henny Koppen har vore – og er framleis krumtappane i dette arbeidet. Barnekoret kom i gong igjen hausten 2021, etter ein koronapause. Ten Sing- gruppa Sight sing har øvingane sine i dette soknet. Dei siste åra har kyrkjelyden hatt suksess med gudstenester midt i sentrum, fyrst på Per Bolstads plass, seinare på Kåre Roseths plass.

Loen

Loen sokneråd tok grep for nokre år sidan og gjekk inn for å auke oppslutninga om gudstenestene. Eit barnekor samla mange når dei deltok, og ekstra musikkrefter deltek på alle gudstenester. Dei er og aktive med å marknadsføre gudstenestene. Blandakoret i bygda, Lostrupane, deltek aktivt på kyrkjelydens årsfest, og kvar julaftan i kyrkja.

Randabygd

Den minste kyrkjelyden i kommunen held til her, og medlemstalet tilseier at det berre skal vere 10 forordna gudstenester i året. Før jul blir ei gudsteneste, kombinert med kyrkjelydsbasar, lagt til grendahuset. Kyrkjelyden arrangerer årleg ei friluftsgudsteneste på «Kvalen», og ynskjer å ta opp att stølsmessene som dei hadde tidlegare. Familiearbeid står og for tur.

Nordsida

Kyrkja på Nordsida er den einaste såkalla arbeidskyrkja vår. Her er gode tilhøve for søndagsskule under gudstenestene og for kyrkjekaffi etterpå. Kyrkjelydsbasaren går også føre seg her i huset. I mange år øvde det store barnekoret i kyrkja, men sidan born frå Randabygd begynte å delta har ein flytta øvingane til Fjellvarden ungdomshus på Fjelli.

Olden

Olden kyrkjelyd har aktivitet i bedehuset Solvang. Her har Normisjon sine møte og kyrkjelyden brukar huset til barnearbeid, konfirmantundervisning og annan møteverksemd. Olden peikar seg ut med eit stort korarbeid for born og unge. Elin Åbrekk har vore primus motor for dette arbeidet i årevis.

Innvik

I Innvik ligg Normisjon sitt hotell, Innvik fjordhotell, eller Misjonsheimen, og her er det jamt samlingar der både bygdefolk og tilreisande møtest. Kyrkjelyden har ein årleg juletefest her, som samlar mange, mellom anna små barnefamiljar. Søndagsskulen blir arrangert annankvar tysdag og dei har hatt same leiar i 30 år, Kari Runde.

Utvik

Utvik utmerker seg med aktivt arbeid for alle aldrar. Særleg står barnearbeidet sterkt, med barnekor og barneklubb. Koret har hatt same leiar, Edith Kårstad, i 40 år. I denne bygda har ein lykkast med å finne unge som har tatt med seg stafettpinnen vidare.

Sjå vedlegg som omtalar arbeidet i Utvik, Innvik og Olden.

5.1 Generell vurdering

Sjølv om kyrkjelydane er ulike med omsyn til medlemstal, så er der nokre fellestrekk som går att. Gjennomsnittsalderen går opp, på dei som går til gudstenester utan noko ekstra. Men dåpsselskapa er større, og småbarnsfamiliane stiller jamt opp når noko skjer for deira born. Såleis blir snittet likevel ganske høgt når det gjeld gudstenestedeltaking. Barnearbeidet er avhengig av eldsjeler. Det ser ut til at dei som tek på seg eit arbeid blir sitjande med det resten av livet. Rekruttering av nye hovudleiarar går tregt, og det kan ikkje berre vere fordi dei gamle ikkje let nye sleppe til. Heldigvis er det mange hjelparar på eit lavare nivå, og foreldra hjelper også gjerne til med einskildoppgåver. Trusopplæringa er styrt frå kyrkjekontoret, og trusopplæringsutvalet, med medlemmer frå alle sokneråda er med og tek ansvar for samlingane i sin kyrkjelyd. Dette sikrar kontinuiteten her. Også her er det lett å få med foreldra. Der er ein heilt tydeleg samanheng mellom trusopplæringa og det kontinuerlege barnearbeidet. Der barnearbeidet fungerer, der når ein fleire, også til trusopplæringa.

Arbeidet for ungdom og vaksne er omtala fleire stader i meldinga. Her har vi mykje å gå på både når det gjeld undervisning, samtaleforum og meir sosiale samlingar. Også diakonien har lent seg mykje på andre aktørar i miljøet, og faktisk leita etter mulige «hol» der ein kunne ta tak. Eitt slikt «hol» er det i samband med dødsfall, å fylgje opp den som har blitt åleine.

5.2 Det kyrkjelege arbeidet

5.2.1 Gudstenestelivet

Det ser ikkje ut til at gudstenestene svarar på eit behov hos unge menneske i dag. Dei kjem, og trivst når dei har ein spesiell grunn for å gå dit, men på vanlege høgmesser utan dåp, kan det bli ganske tynt i rekkene. Inntrykket er at det er god interesse for kyrkja og det den står for, men at det ikkje er så mykje knytt til tru. Behovet for kristent fellesskap, bøn og nattverd ser ikkje ut til å vere så stort. Likevel må ein seie at nattverdsøkinga er god, det er ein stor del av dei som er til stades på gudstenestene som går til nattverd, mest alltid nokon frå dåpsfamiliane og også ein del småbarnforeldre. Vi kunne nok oppfordra foreldra sterkare til å kome med dei små borna sine, slik at dei kan bli velsigna. Billetet viser broderiet på dåpskjolen som blir lånt ut frå kyrkjekontoret, om nokon treng det.



5.2.2 Gudstenester og Kyrkjelege handlingar, med statistikk

Nedstryn, Oppstryn og Loen

Nedstryn

	2006	2009	2012	2015	2018	2019	2020	2021
Medlemstal	2726	2650	2627	2614	2612	2594	2590	2594
Gudstenester	41	42	40	43	50	41	47	47
Deltakarar	5260	6199	5225	4836	5570	4056	2444	2782
Gjennomsnitt	128	148	131	112	111	99	52	59
Nattverdsgudstenester	23	19	24	22	28	24	19	20
Deltakarar	922	889	642	682	1003	664	458	444
Gjennomsnitt	40	47	27	31	36	28	24	22

Døyppte	31	33	29	26	17	12	15	10
Konfirmerte	12	40	37	44	42	30	39	38
Vigsler	4	9	1	0	5	5	4	3

Oppstryn

	2006	2009	2012	2015	2018	2019	2020	2021
Medlemstal	481	464	459	439	423	411	408	414
Gudstenester	19	18	17	17	21	21	23	22
Deltakarar	1384	1109	1322	1040	1016	1019	870	672
Gjennomsnitt	73	62	74	61	48	49	38	31
Nattverdsgudstenester	9	10	6	6	11	14	8	8
Deltakarar	234	184	111	145	245	201	116	86
Gjennomsnitt	26	18	18	24	22	14	15	11
Døyppte	10	9	15	7	7	11	13	11
Konfirmerte	10	5	9	8	6	6	7	2
Vigsler	3	3	4	2	4	0	2	3

Loen

	2006	2009	2012	2015	2018	2019	2020	2021
Medlemstal	515	512	476	469	474	482	470	471
Gudstenester	20	19	17	16	17	21	21	19
Deltakarar	1479	1727	1240	1430	1522	1320	764	568
Gjennomsnitt	74	91	73	89	90	63	36	30
Nattverdsgudstenester	9	7	7	7	6	9	6	9
Deltakarar	174	104	108	183	157	228	74	151
Gjennomsnitt	19	15	15	26	26	25	12	15
Døyppte	8	18	7	12	11	16	14	11
Konfirmerte	3	10	13	7	6	6	7	5
Vigsler	6	7	3	2	6	4	4	8

Kommentarar til statistikken

Nedstryn sokn har 30 forordna gudstenester pr år, Loen har 15 og Oppstryn 12. Å arrangere færre gudstenester fører til lavare deltaking, også i snitt. Kyrkjelydane arrangerer difor ein del ekstra gudstenester utanom dei forordna. Alle friluftsgudstenester, salmekveldar og temagudstenester som går føre seg i kyrkjene kjem i tillegg til dei forordna gudstenestene, slik får ein eit mykje høgare gudstenestetel. Tabellane seier ikkje så mykje om utviklinga når det gjeld deltaking. Medlemstalet har over tid gått svakt nedover i alle tre sokna, medan vi ser ein oppgang for 2021. Talet på dåp, konfirmasjon og vigsler held seg oppe. Forsøk med drop – in -vigel har gitt 2-3 vigsler kvart år, medan drop – in – dåp ikkje har hatt frammøte. Dei siste åra har vi hatt dåp av ein del utlendingar, både vaksne og born, som har ønska medlemskap i kyrkja vår. Dåpstala er nok litt misvisande, då det kjem mange «heim» for å døype borna sine. Dei siste to åra har vi hatt mest all dåp i egne gudstenester, med eitt og eitt barn. Det har vore fint for familiane det gjeld, men kyrkjelyden, særleg konfirmantane såknar dåpshandlinga i gudstenesta.

Det er populært å gifte seg i kommunen, og nokre par vel utandørs vigsel på ein av dei fine utfartstadane våre. Både kyrkja og ordføraren har jamt vigsler, både ute og inne. Loen kyrkje er spesielt populær, også fordi mange par har bryllaupsfesten sin på Alexandra hotell. Kvart år er det fleire par som gifter seg utan å feire med stort selskap. Vi har hatt vigsler med berre brudeparet og egne born til stades, og vi har hatt vigsler og forbønshandlingar som ein del av ei gudsteneste. Vi må av og til stille med vitne frå sokneråd eller stab.

Friluftsgudstenestene har jamt over større oppslutning enn dei vanlege høgmessene utan spesielle hendingar, særleg der det er lett å kome til.

Det er stort sett nattverd på alle gudstenester i desse tre sokna. Både når det er dåp og ved friluftsgudstenester tilbyr ein nattverd. Dette er viktig for dei som går til gudsteneste berre ved slike høve. Ein opplever mest alltid at nokon frå dåpsfylgjet går til nattverd.

Utvik, Innvik og Olden

Utvik sokn - Statistikk

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	14	16	18	16	20	17	14	13	13	15
Deltakarar	957	935	969	930	981	925	916	755	479	466
Gjennomsnitt	68	58	53	58	49	54	65	58	36	31
Familiegudstenester	3	3	3	3	2	3	3	2	2	1
Deltakarar	378	335	338	300	140	298	226	130	110	40
Ungdomsgudstenester	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0
Skulegudstenester	0	1	0	1	0	1	0	0	0	0
Deltakarar	0	99	0	117	0	83	0	0	0	0
Nattverdsgudstenester	5	7	9	8	10	9	8	7	7	5
Deltakarar	72	115	141	125	192	153	226	134	120	66
Gjennomsnitt	14	16	15	15	19	17	28	19	17	13
Døypte	1	4	0	2	3	4	4	3	5	3
Konfirmerte	4	3	0	0	5	3	4	3	4	0
Vigslar	0	0	0	0	1	1	1	0	1	1

Kommentarar til statistikken

Det er få vigslar i soknet. Mange par vel sambuarskap. Av kulla som ar aktuelle for konfirmasjon, så er det 100% oppslutning av kyrkjeleg konfirmasjon. Tala på døypte er lave, det skuldast at det er få unge par som bur her. Det er så godt som 100% oppslutning om dåp av dei som er busett i soknet og tilhøyrer DNK.

Skulegudstenester

Fram til 2017 var det skule i Utvik for 1. til 3. klasse. 4. til 7. klasse gjekk i Innvik. Fram til 2017 var det skulegudsteneste kvart andre år i Utvik kyrkje, som avslutning på skuleåret. Då kom også elevane frå Innvik skule og var med på gudstenesta der, siste skuledagen før sommarferien. (Teikninga over kom til kyrjekontoret som svar på ein pinse-aktivitet sett i scene av trusopplæringa, i 2020)



Gudstenester

Talet på vanlege gudstenester, er redusert i 2019 og i 2020, ned til 13. Biskopen har sett talet på gudsteneste i Utvik til 12. Mange av dei eldre som har tilhørt kjernekyrkjelyden, er døde. Nye yngre sluttar seg ikkje til det vanlege gudstenestelivet. Men dei kjem når det er hausttakkegudsteneste, med utdeling av 4 årsbok, og om våren, med utdeling av 6-årsbok, fram til år 2016. Etter dette året, vart 6-årsbok delt ut på 1-klasse-gudsteneste, rundt om i ulike kyrkjelydar.

Utvik barnekor har delteke med song når det har vore familiegudstenester og Julaftan. Barnekoret dreg med seg mange til gudstenestene.

Det er mange stolar i soknet og det vert tilskipa stølsmesse på stølane kvar sommar. Annakvart år, vert det tilskipa ei felles gudsteneste på Utvikfjellet, mellom Breim sokn og Utvik sokn. Ein skiftar på å vere vertskap for den gudstenesta.

6 frivillige medarbeidarar har vore med som kyrkjevertar og medliturgar. Dei gjer ein stor innsats i gudstenestene med tekstlesing, velkomsthelsing, og dei legg til rette salmebøker og liturgiark.

Konfirmantane er også med og hjelper til. Åra 2020 og 2021, har vore prega av korona- restriksjonar. Det har vore færre til gudstenestene og også færre gudstenester med nattverd. Til vanlege ordinære gudstenester så er det dei faste kyrkjegjengarane som går til nattverd.

Innvik sokn – statistikk

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	22	19	24	24	25	20	17	17	14	16
Deltakarar	1503	1260	1377	1377	1300	1155	968	969	524	674
Gjennomsnitt	68	66	55	57	52	57	56	57	37	42
Familiegudstenester	3	2	2	2	4	1	3	3	2	1
Deltakarar	187	119	82	73	192	64	146	183	93	35
Skulegudstenester	2	1	2	1	2	1	1	2	0	0
Deltakarar	176	94	117	90	81	98	92	164	0	0
Nattverdsgudstenester	6	7	9	10	9	9	8	8	6	7
Deltakarar	190	134	248	267	222	203	235	155	121	117
Gjennomsnitt	31	19	27	26	24	22	29	26	20	16
Døypte	8	2	4	6	4	3	2	4	3	3
Konfirmerte	6	5	7	10	5	11	4	8	3	8
Vigsler	1	1	0	1	0	0	1	2	3	0

Kommentarar til statistikken

Det er få som gifter seg i Innvik. Tala på konfirmerte varierer frå år til år. Men det har med talet på årskulla. Nesten ingen vel borgarleg konfirmasjon. Tala på døypte har gått ned dei seinare åra, men det har å gjere med talet på fødde barn. Dei foreldra som tilhører DNK vel dåp i kyrkja.

Skulegudstenester

I Innvik har det alltid vore skulegudsteneste siste skuledagen før juleferien. Barnehagen var annakvart år med på denne. Annakvart år, den siste skuledagen før sommarferien har borna ved Innvik skule reist med buss til skulegudsteneste i Utvik kyrkje. I 2020 var det ingen gudstenester, på grunn av korona-restriksjonar.

Gudstenester

I Innvik har vi Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen. Fleire organisasjonar frå ulike kantar av landet kjem dit for å ha sine årsmøte. Av og til når det er sett opp gudsteneste i Innvik kyrkje, så vert dei med til gudsteneste i kyrkja. Då kan det og vere gjestepredikantar som held preika i gudstenesta. Stundom kan det også vere at det vert tilskipa gudsteneste på Misjonsheimen, utanom dei oppsette gudstenestene i kyrkja. Biskopen har sett talet på gudsteneste til 16 i Innvik sokn. I Innvik er det søndagskule. Søndagskuleborna har delteke på gudstenester med sang. Dette trekker foreldre og

besteforeldre til dei gudstenestene. Det er 6 frivillige medarbeidarar som deltek som kyrkjevertar, og tekstlesarar. Konfirmantane har også vore med og hjelpt til med ulike oppgåver.

Den faste kjernen i kyrkjelyden som går til gudsteneste og deltek på nattverd er ca. 13. Så er det ein del gudstenester der det kjem folk utanfrå, som deltek på Misjonsheimen, som gjer at gjennomsnittet på nattverddeltakarar går opp.

Vikane omsorgssenter

I Innvik har vi eit omsorgssenter der bebuarane kjem frå Utvik, Innvik og Olden sokn. Her er det andakter som regel kvar torsdag (om lag 40 pr. år). Det er soknepresten som har andaktene. Fram til 2017, har det vore tilskipa nattverdsgudsteneste på omsorgssenteret, ein gong om våren og ein gong om hausten. I 2017 vart rutinane omlagde på omsorgssenteret, så etter det har det ikkje vore nattverd. I åra 2020 og 2021 har det vore redusert talet på andakter på grunn av koronanedstenging.

Olden sokn – statistikk

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	28	28	31	33	30	30	29	29	25	19
Deltakarar	3111	2610	2499	2698	2158	2187	2215	1917	1033	926
Gjennomsnitt	111	93	80	81	71	72	76	66	41	48
Familiegudstenester	4	2	3	3	3	3	2	4	1	3
Deltakarar	499	325	417	448	569	547	360	637	38	83
Skulegudstenester	2	2	2	2	2	2	2	2	0	0
Deltakarar	373	306	347	337	403	370	299	325	0	0
Nattverdsgudstenester	11	12	14	12	12	10	9	12	9	5
Deltakarar	519	484	546	462	407	300	301	338	272	111
Gjennomsnitt	47	40	39	38	33	30	33	28	30	22
Døyppte	4	17	6	15	9	7	9	4	6	4
Konfirmerte	21	13	9	7	13	9	12	6	9	10
Vigsler	2	7	4	4	5	1	6	3	2	3

Kommentarar til statistikken

Det er få vigsler i Olden sokn også, men ein del kjem frå andre bygder for å gifte seg i Olden. Tala på konfirmerte varierer frå år til år med kulla. Dei fleste vel kyrkjeleg konfirmasjon. Det er veldig få som vel den humanetiske varianten. Tala på døyppte varierer frå år til år, ut frå fødselstalet. Av dei foreldra som bur i Olden sokn, og som tilhøyrer DNK, er det stor oppslutnad om kyrkjeleg dåp.

Skulegudsteneste

I Olden er det barneskule og ungdomskule. Elevar frå Vikane skule kjem til Olden for å gå på ungdomsskulen. Det har vore ei skulegudsteneste i Olden gamle kyrkje siste skuledag før sommarferien. Då har ikkje barnehageborna i Olden vore med. Så har det vore skulegudsteneste siste skuledagen før juleferien. Det har ikkje vore skulegudsteneste i 2020 på grunn av korona-restriksjonar.

Gudstenester

Også i Olden og Oldedalen, har det dei siste åra vore mange av dei faste kyrkjegjengarane som har døydd. Det verkar inn på tala på deltakarar til gudstenestene. Det er mange eldre i Olden og ein har tilbode kyrkjeskys. Men det er få som gjer seg bruk av ordninga. I Olden er det 2 kyrkjer. Olden gamle kyrkje vert brukt 17. mai, Olsok og siste skuledag før sommarferien. I Oldedalen er der eit kapell, Ljosheim kapell. I dei siste åra, har der vore 4 gudstenester årleg, 2 om våren og 2 om hausten. På Sundshaugen ved Sunde, har det vore tilskipa friluftsgudstenester. Dit kan ein køyre med

bil og det er lett for dei eldre å kome dit. I juni i 2020, var det 35 på gudstenesta. I Olden er det barnekor som har delteke på hausttakkegudstenestene. Det dreg foreldre og besteforeldre med til gudstenestene. Barnekolet har sunge også Julaftan. I Olden kyrkje, er det 11 medarbeidarar, som har delteke i gudstenestene, som kyrkjevertar og medliturgar. Konfirmantane har vore med å lese samlingsbøn, og av og til bore prosesjonskrossen og dåpsvatnet ved dåp. Dei 2 siste åra, 2020 og 2021 har det vore færre gudstenester fordi gudstenester i påska har vore avlyst grunna koronapandemien. Dette slår og ut på færre deltakarar i vanlege gudstenester i desse 2 åra.

Nordsida og Randabygd sokn.

Nordsida og Randabygd var fram til 2020 del av gamle Hornindal prestegjeld, og hadde sist visitas i 2001.

Nordsida sokn

Nordsida har eit aktivt og strukturert sokneråd. Dei har vedteke plan for verksemda som vart revidert kvart andre år, sist i 2019 (sjå vedlegg). Her er nokre av punkta trekt ut. Hovudmål for soknet: «Å gjere Jesus Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd.»

Sosiale forhold:

Dei fleste som bur i soknet har røtene sine i den lokale bondekulturen, men det har blitt fleire innflyttarar etter kvart, både frå andre stader i Norge og frå andre land. Dei fleste av bygdefolket set pris på kyrkja.

Kyrkjeleg arbeid i soknet:

Nordsida barnegospel er ein viktig del av arbeidet som soknerådet ønsker å slutte opp om og styrke gjennom mellom anna å invitere til familietreff i kyrkja i samband med nokre av øvingane.

Det same gjeld søndagskulen som møttest nokre gonger kvart semester. Det som har vist seg å fungere best for søndagskulen, er å ha treff parallelt med nokre av gudstenestene.

I tillegg er ein stor del av ungdommane i Sight Sing, Tensinggruppa i Stryn, frå Nordsida, og soknerådet støtter også desse, mellom anna økonomisk. Det er også mange frå soknet som er med i speidargruppene til Stryn KFUK-KFUM.

Diakonitualet i Nordsida arrangerer eldretreff og sørger for blomsterutdeling til jubilarar og som julehelsing. Dei har også samarbeid med lokal kulturpark om lokalhistoriske prosjekt.


Fram til 2020 var det ei samtalegruppe som møttest i kyrkja med jamne mellomrom. Dette arbeidet ønsker soknerådet å ta opp igjen når pandemien er over. Gruppa er del av trusopplæringa for vaksne.

Soknet har to misjonsprosjekt, NMS sitt arbeid i Mali og Cochabambabarn – eit hjelpetiltak blant fattige born og familiar i byen Cochabamba i Bolivia. Det er tett kontakt mellom fleire i soknet og prosjektet, der representantar frå kyrkjelyden har besøkt prosjektet i Bolivia, og leiaren derfrå har vore på besøk i soknet. Sist besøk var i 2019.

Soknerådet har ein årleg basar. Dei har også ei eiga innsamling til handikaptaolettet i kyrkja, eit tilbygg som no er ferdig.

Gudstenestelivet:

Nordsida fekk forordna 18 gudstenester i året i 2017. Talet har ligge litt over dei siste åra, og denne trenden held også bakover i tid, sjølv om det på 2000-talet låg litt høgare enn no. Oppslutninga har halde seg ganske stabil dei siste ti åra, men med ein svak nedgåande trend. Det same gjeld tala for nattverdssøkinga. (sjå tal og grafen under)



Det er tre gudstnader gjennom året som har særleg høg oppslutning: julaftan, konfirmasjon og gudstnasta 2. pinsedag som er felles for alle sokna i kommunen: Naustmessa ved Bergsetnausta. Om vi ser bort frå desse tre, ligg gjennomsnittet for deltakarar på gudstnadene 10-20 personar lågare enn for det totale talet. Det er likevel ikkje meir enn om lag 30% forskjell, og viser at det framleis er ei større gruppe som kjem ganske fast til gudstnaste. Talet for nattverdssøkinga viser at om lag halvparten av dei som kjem på dei vanlege gudstnadene, også søker nattverd. Talet er litt høgare for dei enkelte gudstnadene sidan det er nokre gudstnader der det ikkje er nattverd, men som har litt høgare deltaking enn gjennomsnittet. Dette gjeld særleg hausttakkefesten på hausten, og karnevalsgudstnasta på våren, i tillegg til gudstnasta 17. mai.

Soknerådet har ei større gruppe frivillige som hjelper til under gudstnadene som kyrkjevertar, medliturgar og med å pynte altaret med blomar.

Det er som regel ei skulegudstneste for Nordsida barnehage og barneskule før jul der elevane bidrar med musikk og lesingar, og soknerådet står for julekonserten kvart år, som samle lokale krefter.

Kyrkjelege handlingar

Det er stabil oppslutning om dei kyrkjelege handlingane i soknet, med særleg god oppslutning om konfirmasjon og gravferd. Tala for dåp og vigslar er lågare.

Randabygd sokn.

Randabygd er blant dei minste sokna i kommunen. Soknerådet består av 4 medlemmer, og det er nokre frivillige medhjelparar utanom soknerådet.

Geografi og sosiale forhold

Randabygd ligg i utkanten av kommunen, ikkje langt frå grensa til Stad kommune. Dei har ein todelt barneskule i bygda, samlokalisert med barnehagen og grendahuset. Dei fleste som bur i soknet har røtene sine der, og oppslutninga om kyrkjelege handlingar som dåp og konfirmasjon, viser at den folkekyrkjelege tilknytninga er sterk.

Kyrkjeleg arbeid i soknet


Nokre av barna i soknet er med i Nordsida barnespel og koret deltek på nokre gudstnader i Randabygd kyrkje. Det har tidlegare vore både kyrkjering og misjonsforeining, men desse driv ikkje lenger. Det er gudstnadene og trusopplæringstiltaka som er kjernen i det kyrkjelege arbeidet.

Soknerådet er diakoniutval og deler ut blomsterhelsingar. Før 2020 var det til påske dei delte ut, men i 2020 blei dette utset til adventstida, og det fekk dei gode tilbakemeldingar på.

Soknet har misjonsprosjekt med NMS sitt arbeid i Mali og gjev ein til to ofringar i året til dei.

Kvart år på 2. søndag i advent arrangerer soknerådet basar i Grendahuset, med gudsteneste og servering. Dette er godt besøkt og samlar bygda på tvers av generasjonane.

Soknerådet har i tillegg sett i gang arbeid for å få automatisk ringing i kyrkja.



Gudstenestelivet.

Randabygd fekk forordna 10 gudstenester i året i 2017, og har ligge på det talet, eller litt over, sidan. I åra før har det vore fleire gudstenester.

Gjennomsnittet av gudstenedeltakarar har vore stabile i byrjinga av 2010-talet, men byrja falle omtrent midt i ti-året, ganske mykje mellom 2015-2017, så stabiliserte det seg noko. Tala for 2020 er det vanskeleg å sjå så mykje frå med alle restriksjonane. (sjå grafen og tal under)

Med så få gudstenester i året, er det ikkje så lett å seie noko om oppmøtet på vanlege gudstenester; dei fleste gudstenestene er knytt opp mot tiltak eller faste hendingar, slik som hausttakkefest, konfirmantpresentasjon, basar og så bortetter. Det er i normale år god oppslutting om julaftangudstene, om konfirmasjon, og om basaren i adventstida. Friluftsgudstene på Kvalen trekker også en del folk, også utanfrå bygda. Men sjølv om statistikken ikkje viser det, er det få som kjem på gudstene der det ikkje er noko anna som skjer.

Kyrkjelege handlingar

Det er god oppslutting om dei kyrkjelege handlingane, også om dåpen. Det var uvanleg mange vigsler i 2020, mykje fordi par som har budd saman lenge, valde å gifte seg. Også dei fleste ungdommane vel å bli konfirmerte.

Arbeid vidare

Det kan virke som at låg gudstenefrekvens påverkar deltakinga negativt, og at mange ikkje lenger ser gudstene som ein normal stad å gå, om det ikkje er noko spesielt dei skal vere med på der.



Soknerådet ønsker å nå nå særleg barn og ungdom så dei kan finna sin plass i kyrkja. I det vil dei jobbe for å vidareføre arbeidet som alt er, og å finne fleire stader som kan samla heile familiar. Basaren er ein møteplass for heile bygda, på tvers av generasjonar, og soknerådet ønsker å kunne samle så breitt fleire gonger. Dei vil også gjerne ta opp igjen støyismessene om sommeren.

Akkurat no gjer koronarestriksjonane at nytt arbeid må settast litt meir fram i tid, så det er ikkje lagt konkrete planer enno.

5.2.3 Trusopplæring

Saman om skatten- Trusopplæring i Stryn

Barne- og ungdomsarbeid og kyrkjeleg undervisning/trusopplæring har stått sterkt i Stryn i mange år. Det at ein har hatt stabile kateketetar over mange år har vore viktig for dette arbeidet.

Med trusopplæringsreforma kom også midlar til å tilsette fleire til å drive med kyrkjeleg undervisning, og trusopplæringsplanen vart utvida med fleire tiltak. Planen, slik den er i dag vart godkjend i 2015.

I dag har kateket, kyrkjelydspedagog og trusopplæringsmedarbeidar hovudansvar for dette i godt samarbeid med øvrig stab, og dei frivillige. Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er det i stor grad dei frivillige organisasjonane som driv.

For å sikre medbestemmelse og involvering, har vi eit trusopplæringsutval som er sett saman av representantar frå alle sokneråda + kateketen og tilsette i trusopplæringa. Prestane møter ved behov.

Gjennom trusopplæringa vår, «saman om skatten», skal born og unge i kyrkjelydane våre oppleve den kristne trua, og kulturarven som ein skatt. Gjennom å lese bibel, synge saman, be, feire gudsteneste og ete saman vil vi gje born og unge eit møte med den levande Gud. Vi vil at dei skal



kjenne på eit fellesskap med Jesus og kvarandre. Med skatten tenkjer vi ikkje på sølv eller gull, men på det gode Gud vil gje oss gjennom bibelfortellingane, songane, bønna, fellesskapet og gudstenesta.

Det er i Stryn 8 kyrkjelydar, som kvar for seg har sitt arbeid, samtidig som vi er ei kommune, og det er naturleg at arbeid vert samanlikna. Dette gjeld både trusopplæring og konfirmantarbeid. Det er difor utarbeida ein felles plan for dei 8 kyrkjelydane våre, men med rom for lokal tilpassing.

Det har vore viktig for oss med lokal tilknytning, og at barna blir kjende med si kyrkje, samtidig som det er nødvendig med samarbeid på tvers av kyrkjelydane for å få arbeidet til. Nokre tiltak vert gjennomført i alle kyrkjene, til dømes 4 - årsbok, andre tiltak er samarbeid mellom fleire kyrkjelyder til dømes tårnagent og lys vaken, nokre tiltak er fellestiltak for alle kyrkjelydane.

(Bilete frå førsteklasseklubb).

Slik er arbeidet bygd opp frå 0-18 år: Aktive tiltak

0-5 år

0 år: Dåp med føregående informasjon og samtale. Presten møter den aktuelle familien til samtale før dåp.

0 år: Babysong. Fellessamling i Betania i Stryn. Samlar barn frå mange av bygdene våre. Babysong besøker sjukeheimen i Stryn 2 gongar i året.

1 2020 var 65 % av dei døypte innom babysong.

1 år: Knøttegudsteneste. Gudsteneste påføremiddag i kyrkja, i samarbeid med babysong

2 år: Krøllesamling. Samling i gapahuken ved skisenteret. Felles familiesamling med utdeling av krøllebamse til 2 åringane.

3 år: Julesamling. Fellessamling i samarbeid med familiemiddag, eller i bygdene i samarbeid med søndagsskulen. Utdeling av julebok.

4 år: Haustakkegudsteneste med utdeling av 4årsbok. Gjennomførast i alle kyrkjene. Samlar ca 75% av kullet.

4 år: Sjørøvarfest. Fellessamling. I Stryn sentrum + ei av dei andre bygdene. Skattejakt, bibelfortelling, song og mat.

5 år: Invitasjon Søndagsskulens dag. Gudsteneste. På omgang i dei ulike kyrkjene.

5 år: Superheltsamling (fasteaksjon) Fellessamling i samarbeid med familiemiddag. Utdeling av Superheltskappe og Kirkens Nødhjelp sitt superheltheft.

5 år: Invitasjon karnevalsgudsteneste. Nordsida kyrkjelyd har hatt karnevalsgudsteneste i mange år. Dei siste åra har også Nedstryn hatt.

6-12 år

6 år (1. klasse): Førsteklassesgudsteneste. Gjennomførast i 3 kyrkjer kvart år, men samlinga er for alle. Søndag før skulestart eller ein ettermiddag den veka.

6 år (1. klasse): Førsteklassesklubb haust. Samling onsdag føremiddag. Bibelfortelling, leik og hobbyaktivitet (Teikne sjølvportrett på fat, med teksten «Skapt av Gud og unik»)

7 år (1. klasse): Førsteklassesklubb vår. Samling onsdag føremiddag. Bibelfortelling, leik og hobbyaktivitet. (Bollebaking og bilde)

7 år. 2. klasse: Invitasjon til familiedag sagedammen. Trusopplæringsutval er arrangør.

Aktivitetsdag for alle, der 2. klassingane får invitasjon i posten. Har samla familiar frå alle bygder og i alle aldre.

7. år 2. klasse: Kyrkjjas bursdag (pinse). Gjennomført som heimeopplegg. Alle får pakke i posten, med gelépulver, og festutstyr. Formidling via YouTube.

8 år/9 år (3-4 klasse): Tårnagent. Gjennomførast kvart år i Nedstryn for 3. klassingane, i samarbeid med speidaren. I dei andre bygdene annakvart år for 3. og 4. klasse

9 år (4. klasse): Invitasjon til korprosjekt i samarbeid med KFUK-KFUM nokre år også med Acta. 3-5. klasse speidarane + alle barnekora vert også invitert.

10/11 år (5-6. klasse): Lys Våken. Gjennomførast kvart år i Nedstryn for 5. klassingane, i samarbeid med speidaren. I dei andre bygdene annakvart år for 5. og 6. klasse

13-18 år:

14 år (8. klasse): Invitasjon til samling f.eks. konfirmantane sin musikal

15 år (9. klasse): Konfirmasjon Sjå eige punkt

13-16 år: Ope hus på Telegrafens ungdomskafé annakvart fredag

13-18 år: Ung messe I samarbeid med konfirmantar og kor.

Vi meiner å ha eit godt tilbod, men skulle ynskje at vi klarte å samle fleire born og unge til samlingane våre. Dåp, babysong, 4 og 6 årsbok, Tårnagent og Lys vaken samlar stort sett bra med born. På dei andre tiltaka klarer vi ikkje samle like mange, men dei som kjem gir utrykk for å sette pris på det som skjer.

I trusopplæringsplanen er det også tiltak som ikkje er aktive enda. Det er i all hovudsak tiltak for tweens og ungdom. Dette heng saman med at vi har hatt eit ynskje om å bygge opp et arbeid frå dei minste og oppover, og at det er vanskelegare å samle dei eldre borna og ungdomane.

Konfirmasjonsopplegget

Vi tenkjer stort om kor viktig konfirmanttida er. Her hjå oss når vi svært breitt ut med konfirmasjonstilbodet. Nesten alle døypte vert konfirmert her hos oss.

Kateketen har hovudansvar for konfirmantopplegget, i nært samarbeid med dei tre prestane, kyrkjelydspedagog og trusopplæringsmedarbeidar.

Vi har 4 ulike val for konfirmanttid.

- Undervisning rett etter skulen i Betania og Solvang
- Friluft/Speidar konfirmantar i speidarane sin gapahuk ved skisenteret.
- Musikkonfirmantar i samarbeid med Ten Sing/ Soul children
- Kreativkonfirmant

Friluft, musikk og kreativgruppene samlar ungdom frå begge ungdomskulane.

I tillegg til undervisningsøkta i gruppene, omfattar konfirmanttida dette:

- ein aktivitetslaurdag på Nordfjord Folkehøgskule der elevar frå KRIK-linja har ansvar for eit opplegg som kombinerar løysing av fysiske oppgåver og samtale om tru.
- Vi deltek òg i Nattcupen som er eit fellestiltak i Nordfjord prosti i samarbeid med KFUK/KFUM. Dessverre har det siste åra vært utfordrande med økonomi og frivillige til denne samlinga. 2020 vert så langt siste nattcup, men ein felles dag for prostiet på dagtid saman med KFUK-KFUM står på programmet for 2121.
- Sidan 2017 har konfirmantane laga «musikal». 3 helger med kreativt arbeid, ender opp i to store førestillingar i kulturhuset. Konfirmantane tek del i felleskor, drama, dans, minikor, **orkester, solist, foto, scene, PR/promotering, innsamlingsgruppe. Musikalen er sjølv laga med songar både frå populærkultur og salmebok.**
- Konfirmantane får etter tur vere medhjelparar i gudstenestene, med oppgåver ved dåpshandlinga og kyrkjevertteneste.
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er og godt innarbeidd.
- Vi har gode erfaringar med å trekke inn konfirmantforeldra med praktiske oppgåver.

Litt statistikk.

For å vise litt om oppmøte legg vi med oversikt frå Nedstryn og Nordsida som visar deltakare i prosent. Oversikt over alle kyrkjelydane finst i rapport for trusopplæringsplan der vi har henta denne oversikten frå.

Nedstryn

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent						Snitt
		91	73	87	44	42	79	
0	Babysong	91	73	87	44	42	79	69
0	Dåp med føregåande informasjon og samtale.	100	85	100	100	105	63	92
1	Knøttegudsteneste	26	17	13	29	0	36	24
2	Krøllesamling		6	7	0	0	18	10
3	Julesamling	0	0			13	0	13

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent						Snitt
4	Gudsteneste med søndagskulens dag		0	4	0		0	4
4	Hauštakkefest	49	72	74	76	62	0	67
4	Sjørøvarfest	0	8	11	35	41	22	23
5	5 års-klubben	11	29	0	4	0	10	14
5	Karnevalsgudsteneste	3	0	0	4	0	3	3
6	Fyrsteklasse-klubben.	5	29	17	0	37	9	19
6	Heilt fyrsteklasses. Gudsteneste for 6-åringar	40	43	34	12	63	53	41
7	Familiedag sagedammen				20	4	0	12
9	TÅRNAGENT-helg 3. klasse	28	49	34	28	37	40	36
9-12	Korprosjekt.	4	1	7	7	8	0	5
10	LYS VAKEN - overnatting i kyrkja for 10-åringar	37	79	51	63	65	0	59
13-14	PÅ VEG - samling for 13 og 14 åringar.			0	0	5		5
13-18	Ung Messe	20	1	21	7	16	19	14
15	Konfirmanttida 9. klasse.	91	82	107	95	103	95	96

Nordsida

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent						Snitt	
0	Babysong		0	100	0	80	50	100	83
0	Dåp med føregåande informasjon og samtale.	100	150	100	100	100	200		125
1	Knøttegudsteneste	33	0	0	50	0	200		94
2	Krøllesamling		0	0	0	0	0		
3	Julesamling	0	0			0	0		
4	Gudsteneste med søndagskulens dag		80	75	0		0		78
4	Hauštakkefest	75	100	100	100	100	100		96
4	Sjørøvarfest	50	20	25	33	0	0		32
5	5 års-klubben	29	0	80	100	0	0		70
5	Karnevalsgudsteneste	71	75	80	100	100	75		84
6	Fyrsteklasse-klubben.	80	29	0	0	0	0		55
6	Heilt fyrsteklasses. Gudsteneste for 6-åringar	80	43	0	60	50	100		67
7	Familiedag sagedammen				200	40	0		120
9-10	TÅRNAGENT-helg 3. klasse og 4. klasse	0	0	0	57	0	18		38
9-12	Korprosjekt.	42	52	42	61	43	0		48

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent						Snitt
10-11	LYS VAKEN - overnatting i kyrkja for 10 og 11-åringar	33	0	69	0	71	0	58
13-14	PÅ VEG - samling for 13 og 14 åringar.			0	44	23		34
13-18	Ung Messe	18	0	27	16	9	17	17
15	Konfirmanttida 9. klasse.	100	43	100	88	100	100	89

Kontinuerleg barne og ungdomsarbeid.

Det blir drive godt barne- og ungdomsarbeid av dei frivillige i bygdene våre.

Nordsida barnegospel har 25 medlemmer i alderen 4-13 år

Utvik barnekor har 12 medlemmar i alderen 6-13 år.

Olden Barnekor har 25 medlemmar i alder 4-9 år. Born frå Olden og Loen

Olden Soul Children har 21 medlemmar i alder 10-13. Nokre går over til å vere leiarar når dei vert 14 år. Born frå Olden og Loen

Stryn barnekor starta opp att hausten 2022. Om lag 20 born.

Ten Sing har 15 medlemmar i alder 13-18 år. Ungdom frå Loen, Nedstryn og Nordsida.

Amigosklubben i Utvik har 12 medlemmar i alder 10-18 år.

Søndagskulen har grupper i Oppstryn, Innvik og Nordsida.

Familiemiddag i Betania. Samlar nokre familiar til middag, bibelfortelling og aktivitet. Ope for heile kommunen. Har i hovudsak samla familiar frå Nedstryn og Olden. 4-5 familiar kvar gong.

KFUK-KFUM speidar har 78 medlemmar i alder 8-18 år. Born og ungdom frå Nedstryn, Oppstryn og Nordsida.

5.2.4 Undervisning

Barnehage- og skulesamarbeid

Vi opplever å ha eit godt forhold til skulane og barnehagane i kommunen. Det faste samarbeidet er særleg knytt til jul og påske.

I tillegg er det eit meir laust samarbeid om ulike besøk i kyrkja og på kyrkjegarden, når skulen ynskjer det og tek kontakt. Kateketen har fast planleggingsmøte med barnehagane i Stryn sentrum 2 gonger i året. Elles avtaler vi planleggingsmøte med skulane og barnehagane før samling, ved behov.

Her er potensiale for meir samarbeid, og det står på kateketens agenda.

Jul

- Barnehagane i Stryn sentrum (3 stk.):

Adventsamling i kyrkja. Dei største barna deltek med song og lystening.

- Tønning skule, der 3. klasse deltek aktiv med song og 7. klasse med lesing.

- Stryn ungdomskule, der 9. klasse deltek med lesing, og nokre elevar/lærarar deltek med song/musikk.

- Olden barne og ungdomskule + barnehage: Morgonsamling i kyrkja. Elevar frå barneskule og ungdomskule deltek med song og lesing.

- Vikane skule + barnehage: 7. klasse deltek med musikk, 1-4 syng, 5.-6. klasse deltek med



lesing

- Nordsida skule/barnehage: Skulegudsteneste. Borna deltek med song og lesing.

- Randabygd skule har tradisjonelt delteke med song på adventsbasar.

- Oppstryn barnehage og skule: Ca kvart 3. år julevandring. I tillegg deltek gjerne born frå skulen på julekonsert.

Påske:

- Loen barnehage og skule: Påskegudsteneste med påskespel. Borna deltek med song, medan prest eller kateket er forteljar.

- Vikane skule: Påsksamling i kyrkja. Tradisjonelt har dette vore ei gudsteneste. Dei siste åra har dette gått meir mot ei påsksamling. Etter ynskje frå skulen.

- Tønning skule, påsksamling i kulturhuset. (Ikkje gudsteneste) Kateket eller prest fortel påskefortellinga dag for dag, medan 2., 5. og 7. klasse deltek med song

-Oppstryn barnehage og skule: Ca kvart 3. år påskevandring.

- Barnehagane i Stryn sentrum: Sidan 2015 har 4 og 5 åringane hatt påskevandring i Betania.

- Nordsida skule og barnehage: Påskevandring i gymsalen på skulen

- i 2021 hadde Loen og Olden barnehage for fyrste gong påskevandring. Gjennomført ute i barnehagen.

Sommar

- Olden barne og ungdomsskule: Morgonbøn i gamlekyrkja, 5-7 klasse deltek med preludium og bøn, medan 1-4 deltek med postludium.

- Oppstryn skule: På planen står ei pinsevandring (kvart 3 år) Ikkje gjennomført enda pga. korona.

Kommentar:

Vi opplever aukande etterspørsel etter jule og påskevandringar for barnehagane. Dette ynskjer vi at flest mulig skal få del i, og jobbar med å nå ut til alle barnehagane med dette, om ikkje kvart år, så annankvart/tredjekvart år.

5.2.5 Diakoni

Diakonien står ikkje så sterkt som kyrkjelydsarbeid, men Røde Kors og frivilligsentralen gjer eit stort arbeid med å fylgje opp menneske som treng noko ekstra. Kyrkjelydane sitt diakonale arbeid går stort sett ut på å overrekke blomster til eldre, til jul eller ved runde fødselsdagar, eller til dei som har mista nokon. Det er fleire som har tilbod om kyrkjeskys, men dette blir lite nytta. Prestane har andakter ved omsorgssentra, og reiser på husbesøk på oppfordring. Ofte er dette med soknebod. (Bilete: Tips til diakonalt tiltak! Produsert av kateketen vår).



5.2.6 Misjon

7 av 8 kyrkjelydar støttar eit sør – sør - prosjekt med Landsbyutvikling i Mali, i regi av NMS. Olden kyrkjelyd støttar eit prosjekt i Etiopia, også dette gjennom NMS. Nordsida kyrkjelyd støttar også eit prosjekt i Bolivia, som dei har eit nært forhold til. Det har dessverre gått tilbake med

foreningsverksemda knytt til misjon. Nokre få kvinneforeningar finst enno, men gjennomsnittsalderen stig. I Nedstryn er der ei stor og svært aktiv foreining for sjømannskyrkja. Kvart år inviterer dei til ein innhaldsrik kyrkjekaffi på bedehuset Betania.

5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd

Historikk

I perioden 2006 til dags dato har ein hatt stabile organistar i faste stillingar, men dessverre ikkje større stillingar enn 50%, slik at organistane har hatt anna arbeid i tillegg. Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore supplert med innsats frå frivillige. Bjarte Sætre må særleg nemnast, med sine store komposisjonar for kor og orkester som har vore framført i mange av kyrkjene våre. Kyrkjene er populære konsertlokale, og vi har hatt mange besøk utanfrå, av artistar med store konsertar. Også lokale kor opptrer stadig med eigne konsertar i kyrkjene. Julekonsertar med bidrag av lokale musikarar er fast på programmet i alle kyrkjene.

Status

Tilsette og frivillige

I dag har vi fire organistar, to av dei med så små stillingar at dei kan vikariere for dei andre to i deira frihelgar. Frivillige driv barnekor i tre av kyrkjelydane våre. Dette betyr mykje for oppslutninga av gudstenestene og trusopplæringa. Ein stor stab av frivillige musikarar og songarar stiller opp for å gjere gudstenestene våre meir innhaldsrike musikalsk. Ein tilsett ved kyrkjekontoret driv ten sing i regi av trusopplæringa, ein annan har babysong.

Planar og behov

Kyrkjekor og forsongargrupper står på ønskelista, vidare hjelp og støtte til barne - og ungdomskora, musikk ved andaktene på omsorgssentra, større musikalsk bidrag i konfirmantopplæringa, kurs i salmesong og liturgi, kort sagt, større organiststillingar.

5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid

Vi har eit flott arbeid gjennom trusopplæringa, likevel viser det seg at utan det kontinuerlege arbeidet når vi ikkje særleg langt. Leiarar i barnearbeidet marknadsfører tiltaka og tek med seg borna til kyrkja. Vi ser at det er overvekt av born i det kontinuerlege arbeidet som deltek i trusopplæringstiltaka. Ikkje alle kyrkjelydane har barnearbeid, men alle sokneråda er klar over denne koplinga og arbeider stadig med å få på plass søndagsskule, familiarbeid eller barnekor.

5.2.9 Vaksenarbeid

Her er det store variasjonar mellom kyrkjelydane. I dei sokna der Normisjon er aktive er det større grad av tradisjonelle bedehusmøte, bibeltimar, bønemøte og temasamlingar. Likevel må ein sei at det er lite som skjer på denne fronten. Samtalar med prest i samband med vigsel, dåp og gravferd, må seiast å vere eit vaksenarbeid, like eins andaktene på omsorgssentra, som går kvar veke.

5.2.10 Gjevarteneste

Kyrkjelydane i gamle Stryn prestegjeld gir kvart år ut ein kalender, der alle gudstenestene står, Det fylgjer ein giro med kalenderen, og her kjem det inn ein god slump pengar kvart år.

5.2.11 Informasjonsarbeid, kyrkjelydsblad, nettsider, sosiale medium, strategi

Kyrkjelydane samarbeider om Kyrkjebladet «Kyrkjeklokka», og ein har framleis med stoff frå Hornindal sokn, sjølv om dei no høyrer til i Volda. Dei tre sokna i tidlegare Stryn prestegjeld samarbeider om ein kalender, der alle gudstenester er med. Nettet har blitt stadig meir aktuelt som informasjonskanal. Såleis har fellesrådet ei heimeside, kvart sokn har si Facebookside, og Kyrkja i Indre Nordfjord har ei eiga side på Facebook. Kyrkja er også aktiv på Instragram og Tic Toc. Dette er administrert av kateketen. Mykje informasjon går også ut direkte, på sms og epost. Vi nyttar framleis

brev i posten, men har problem med at kyrkja sitt medlemsregister berre inneheld bustadadresser og ikkje postadresser. Det skjem såleis ein del post i retur. Kyrkja nyttar også lokalavisa Fjordingen flittig, både til annonser, førehandsomtale og reportasjar. Dei tek imot stoff frå oss med glede, ser det ut til. Radio Stryn har fatta interesse for nettgudstenestene vi har laga siste året, og dei sender no slike gudstenester over radioen, ved høve. Uansett kor mykje vi skriv og annonserer, så er det nok den personlege invitasjonen som fungerer best. Strategien framover må nok ligge på dette nivået skal vi nå vidare ut. Sokneråda er gode på dette særleg når det gjeld dugnader og meir «festlege» samkomer i kyrkja.

6. KYRKJE OG KOMMUNE

6.1 Fellesrådsøkonomi og forvaltning

Fellesrådet ved kyrkjevevja har ei godt samarbeid med Stryn kommune, ein god tenesteytingsavtale gjer at det er kontinuerleg kontakt med økonomi- og HR-avdeling. Også hovudadministrasjonen og andre tenester som plan og teknisk er lett tilgjengelege når det er trong for det. Fellesrådet får utført sine tenester innan økonomi, rekneskap og løn gjennom kommunen, og det vert stilt har siste åra hatt ein føreseieleg økonomi på driftssida, der overføring frå Stryn kommune i 2021 utgjør kr. 6.530.000. Det har vore sett av lite midlar til å planlegge større prosjekt, men Kommunestyret har i løpet av dei siste tre åra bevilga ekstra midlar for å fullfinansiere to store vedlikehaldsprosjekt som har vore heilt nødvendige å gjennomføre. Å sikre kontinuerleg vedlikehald av kyrkjebygga, er ei utfordring. Måling, takomlegging og andre rehabiliteringsbehov er døme på større prosjekt som krev langsiktig planlegging frå både sokneråd, Fellesråd og kommune.

Fram til 2019 var Trusopplæringa felles for Stryn og Hornindal, alle dei tilsette hadde Stryn kyrkjelege fellesråd som hovudarbeidsgevar. Når Hornindal gjeikk over til Volda, mista vi betydelege inntekter til Trusopplæringa. Vi fekk i 2020 kr. 96.133 (14,4%) mindre enn i 2019 i statleg overføring, i tillegg til Hornindal sokneråd sin eigendel på kr. 82.593. For å halde fram dei tiltaka planen legg opp til, må vi halde på dei ressursane vi har, og personalkostnadene utgjør hovuddelen av budsjettet. Det vart søkt til bispedømekontoret om midlar som kunne utjamne dette, iallfall for ein periode, men det vart ikkje løyvd noko ekstra oss til gode. Dette gjev oss ein økonomisk situasjon som vil bli utfordrande når mindreforbruket frå tidlegare år er oppbrukt.

Kyrkjevevja sitt inntrykk er at kyrkjeleg fellesråd ivaretek gravferdsforvaltninga på ein tilfredstillande måte, og vi håper den noverande ordninga kan halde fram.

Kontorhald er ein vesentleg del av tenesteytingsavtalen. Etter nokre år med midlertidige løysingar, fekk vi i september 2020 flytte inn i nyrehabiliterte lokale i 2. etg. Rognehaugen 11. Det er lyse, trivelege lokale med åtte separate kontor, eit romsleg inngangsparti, og eit større møterom/pauserom. Det er og eit kombinert kopirom/lager i tillegg til dusj og toalett. Det står att noko byggt tekniske justeringar før lokala fungere optimalt, dette er det lovnad om å ordne. Vi ynskjer at kyrkjekontoret skal vere ein god base for arbeidet på kvardagane, og at publikum skal oppleve at dei her får eit godt møte med kyrkja.

6.2 Kyrkjer og gravplassar

Dette er første bispevisitas som omfattar heile fellesrådsområdet – åtte sokn, ni kyrkjer og ni gravplassar. Sist visitas i Oppstryn, Nedstryn og Loen sokn var i 2006, Olden, Innvik og Utvik sokn i 2007 og i Randabygd og Nordsida i 2001.

Det vert her gjeve ei kort omtale av den einskilde kyrkje og gravplass, med oversyn om dei vesentlege tiltaka som er gjennomført sidan førre visitas. Tiltak som er i gong eller er under planlegging er og nemnt.

Generelt om vedlikehald av kyrkjene:

Fellesrådet har etablert felles vedlikeholdsavtaler for alle kyrkjene for følgjande område:

- Kontroll av el-anlegg, v/SEAS – hovudkontroll kvart tredje år
- Kontroll av kyrkjeklokkene v/Olsen&Nauen, annakvart år
- Årleg vedlikehald av orgla v/orgelkonsulent Mathias Becker

Oppstryn kyrkje

Kyrkja er ei tømra langkyrkje, bygd i 1863. Kyrkja ligg ved Strynevatnet, på Fosnes.

Gjennomførte tiltak:

- Nytt lydanlegg i 2020
- Gjennomgang og oppgradering av brannverntiltak i 2020
- Prosesjonskors 2019
- Elektronisk varmestyring montert i 2016
- Lysglobe 2016
- Nytt teppe i midtgang
- El brannvarsling
- Nytt HC-toalett i kjellaren 2016
- Måla utvendig i 2007 og 2013
- Automatisk brannvarsling 2010
- Utvida parkeringsplass i 2008
- Nye rekkverk i tårnet
- Rehabilitering av det gamle orgelet

Under arbeid:

- Namna minnelund for urner, vert lyst ut våren 2022.

Trong for utbetring:

- Den minste klokka er teken ut av bruk etter vurdering av Olsen&Nauen. Opphenget er så svakt, at det fare for at klokka kan løsne ved bruk. Skaden kan ikkje utbetrast på staden, og det er uavklart om reparasjon er mogleg.
- Utvendig måling i 2023
- Takrehabilitering innan 2025

Nedstryn kyrkje

Kyrkja er ei tømra langkyrkje frå 1859, på garden Kyrkjeeide 3 km aust frå Stryn sentrum.

Gjennomførte tiltak:

- Montering av gammal kårde i våpenskap i våpenhuset
- Informasjonstavler i våpenhus, måling, rydding 2020-21
- Vøling av skifertaket, skifta/festa laus takstein 2021
- Montering av gammal kross på frontveggen i sideskipet 2020
- Utbetring på galleri: betra belysning og måling av golv 2020
- Flytting av alteret i 2020
- Nye preikestolklede, raudt og kvitt 2020
- Elektronisk varmestyring 2020
- Nytt lydanlegg i 2018
- Montert prosjektor og lerret 2016
- Utvendig måling i 2013
- Ny ytterdør i 2013
- Ombygging av kjellar i 2009
- Grøn messehakel, grønt preikestolklede og prosesjonskross i 2008
- Utvida parkeringsareal mot hovudvegen i 2007

Under arbeid:

- Ny alterduk

Trong for utbetring:

- Utvendig måling i 2023
- Legge om heile skifertaket innan 2025
- Rehabilitering av golv/nytt golvteppe
- Asfaltering av parkeringsplass

Loen kyrkje

Kyrkja er ei tømra åttekanta kyrkje, bygd i 1838. Ligg i Lotunet, eit gammalt klyngetun.

Gjennomførte tiltak:

- Rehabilitering av spiret i 2020, lodding av sprekker
- Nytt lydanlegg i 2018
- Takrenovering i 2018, utbetring av omfattande roteskader i undertak og omlegging av skifertak
- Konservering av gamle maleri (RA) i 2016
- Utvendig måling i 2013
- Nytt el-skap og nytt el-inntak i 2009
- Ombygging av våpenhuset i 2009

Under arbeid:

- Automatisk brannvarsling, prosjekt starta mars 2022

Trong for utbetring:

- Kyrkja manglar universell tilkomst. Dette må primært løysast med inngang til gravplassen frå sør med ny gangveg frå parkeringsplassen der. Det trengst og tilretteleggig av sjølve inngangspartiet.
- Kyrkja bør målast innan 2023
- Rehabilitering av skinn på knelepute på alterring

Olden kyrkje

Kyrkja er bygd i 1934, og er ei langkyrkje i tre bygd i tradisjonell basilka-form med høgt midtskip og lågare sideskip.

Gjennomførte tiltak:

- Prosjektor og skjerm, ferdig februar 2022
- Nytt el-fordelingsskap i 2021
- Innebygd straumuttak for lydanlegg 2021
- Utvendig måling i 2017
- Verneglas på blyvindaug montert 2016
- Automatisk varmestyring 2016
- Automatisk brannvarsling 2010
- Ombygging av orgel (ny spelepult) i 2009
- Lysglobe i 2009
- Kvit messehakel i 2007

Planlagde tiltak:

- Tetting av taklekkasje over dåpssakresti og over inngangsparti.

Trong for utbetring:

- Utviding av parkeringsareal
- Nytt teppe i midtgang
- Raparasjon av orgel
- Rehabilitering av hovuddør
- Rehabilitering av preikestol
- Driftsbygg på gravplassen.

Olden gamle kyrkje

Kyrkja er ei tømra krosskyrkje, bygd i 1759. Kyrkja er ikkje i bruk som soknekyrkje, men den vert nytta til nokre gudstenester kvart år, og til bryllaup og konsertar. Kyrkja er open for heile sommarhalvåret, er mykje besøkt av turistar.

Gjennomførte tiltak:

- Måleri «Olden gamle kyrkje» av Reidar Letrud, opphengt i 2019
- Konservering av silketeppe, messehagel og kollekthåv (RA) i 2017
- Utvendig måling i 2017
- Sprinkleranlegg montert i 2010

Under arbeid:

- Rehabilitering av tak, tårn, vidauge, dør.

Planlagde tiltak:

- Konservering av Madonna-skulptur (RA/NIKU)

Innvik kyrkje

Kyrkja er ei tømra åttekanta kyrkje, bygd i 1822.

- Rehabilitering av dåpssakresti 2022
- Nytt lydanlegg 2021
- Utvendig måling – 2020/21
- Takrehabilitering i 2019/20
- «Solsteinen» (gammalt kisteløk) montert i våpenhuset i 2018
- Automatisk varmestyring 2018
- Lsepult- og preikestolklede i kvitt, i 2016
- Prosesjonskross i 2012
- Lysglobe 2008
- Kyrkjegardskappe 2008

Planlagde tiltak:

- Lsepult- og preikestolklede i lilla og raudt, under arbeid
- Prosjektor og skjerm
- Oppgradering/forskjøning av gravplassen, Universell Utforming av tilkomsten til gravplassen.

Trong for utbetring:

- Nytt teppe i midtgang

Utvik kyrkje

Kyrkja er ei tømra langkyrkje, bygd i 1840.

Gjennomførte tiltak:

- Nye flomlys i 2019
- Automatisk varmestyring 2018
- Tiendebuda, eit lokalt kulturminne, vart ferdig restaurert i 2016 og står nær inngangen til kyrkja, eigedomsretten er overteken av Utvik sokn.
- Ny dør til sakrest i 2015
- Lesepult- og preikestolklede i grønt og lilla i 2012
- Utvendig måling i 2012
- Lysglobe i 2009
- Nytt elektronisk orgel 2009
- Leikekrok bakerst i kyrkja, fjerna to benkar 2009
- Kvit messehakel i 2008
- Lesepult- og preikestolklede i kvitt i 2008

Tiltak under planlegging:

- Ny el-tavle, er bestilt
- Universell tilkomst – under arbeid i samråd med RA

Trong for tiltak:

- Automatisk brannvarsling bør prioriterast
- Kyrkja bør målalt i 2022

Randabygd kyrkje:

Kyrkja er ei langkyrkje i tre, bygd i 1916

Gjennomførte tiltak:

- Nytt el-anlegg i 2014
- Universell tilkomst til kyrkja og Handicap-WC i 2014
- Utvendig måling i 2010
- Lys-jekt i 2004
- Nytt skinn på kneleputene og kneleskammel i 2004

Planlagde tiltak:

- Automatisk ringeanlegg – soknerådet jobbar med saka
- Rehabilitering av orgel (skifte vifte)

Trong for tiltak:

- Kyrkja treng utvendig måling
- Takrehabilitering
- Automatisk brannvarsling
- Utbetring av utvendig trapp/tilkomst
- Rehabilitering av hovuddør
- Nytt golvteppe
- Rehabilitering av brudestolar

Nordsida kyrkje:

Arbeidskyrkje i betong, bygd i 1973

Gjennomførte tiltak:

- Påbegynt påbygg (sokkel) til HC-toalett i 2020
- Gravferdskappe 2017

- Prosesjonskross i 2011
- Utvendig måling i 2008
- Automatisk varmestyring, 2005
- Trerelieff «Emmausvandarane» av Rolf Taraldset i 2005
- Ombygging av kjøkken i 2003

Under arbeid:

- Rehabilitering av tårnbygg, utskifting av fasadetreverk
- Fullføre tilbygg for HC-toalett i 2021

Trong for utbetring:

- Betongrehabilitering - nokre punkt innandørs, mest utandørs
- Utandørs måling i 2022
- Takrehabilitering
- Automatisk brannvarsling
- Nytt golvteppe

7. VEGEN FRAMOVER, STRATEGIAR OG MÅL

Nordsida og Randabygd

Soknerådet ser at under pandemien er det ein del av arbeidet som har blitt utsett og aldersgrupper som ikkje har fått det tilbodet dei elles ville fått, mellom andre dei som vart døypt for eitt eller to år sidan. Desse vil vi gjerne få samla når det er mogleg.

Arbeidet for barnefamiliane er det området soknerådet gjerne vil satse på vidare, både ved å støtte opp under det arbeidet som alt blir gjort, men også ha familiesamlingar. Desse familiane ser vi som dei viktigaste å nå ut til for å fortsett kunne samla mange til gudstenester .

Soknerådet ser også at ungdomsarbeidet treng å byggast opp: slik det er no har vi lite tilbod etter konfirmanttida, og det går ut over rekrutteringa.

Utvik, Innvik og Olden

Det er mykje godt frivillig arbeid som vert gjort i sokna; Utvik, Innvik og Olden. Men det er få trufaste kyrkjegjengarar som går til gudstenestene. Det må vere vår bøn, å be hausten sin Herre om å kalle menneske til gudsteneste. Vi må stille oss på lag med Herren for at det kan verte oppfylt. Vi burde utfordre folk, snakke med dei, og spørje om dei kan tenke seg å vere med å vere kyrkjevertar. Det er det lettaste å kunne seie ja til. Å spørje folk om å vere tekstlesarar, vere med å delta i kyrjebøna og vere medliturgar, er ikkje så lett å få respons på. (Bilete: Innvik kyrkje, pynta til hausttakkefest).



Oppstryn, Nedstryn og Loen

Alle desse kyrkjelydane er opptekne av barnearbeidet, barnekor eller søndagsskule, og alle er opptekne av å inkludere desse i gudstenestene. Ein ser at dette fører med seg større oppslutning av

dei vaksne kring borna. I Nedstryn har ein tenkt mykje kring ungdomsarbeidet. Ein ynskjer å støtte Ten Sing, og ein har jobba med å etablere ein klubb for uorganisert ungdom. Soknerådet har fått augene opp for Bedehuset Betania og var i gong med å legge planer for eit ungdomstiltak ein gong i veka, etter modell frå Eid og Gloppen. Klubben hamna til slutt på Telegrafan, eit ungdomslokale heile bygda står bak, og den er eit samarbeidstiltak mellom KFUK-KFUM og soknerådet. Kyrkjelydane har vore med på eit toårs-prosjekt som har til hensikt å styrke ungdomsarbeidet for dei over konfirmantaldar, og ser fram til eit for fjorårskonfirmantar, inspirert av KFUK-KFUM sitt MILK-kurs. Nedstryn har og planlagt eit Alfa-kurs, eller eit trusopplæringstiltak for undom og vaksne, som vil bli sett i verk så snart det er tilrådeleg. Akkurat Nedstryn sokn har ei utfordring ved at kyrkja ligg så langt utanfor sentrum. Draumen er å få sitt eige hus i sentrum, alternativt å bruke Betania mest muleg. Her har vore arrangert gudstenester i romjula, og det lar seg fint gjere.

8. SLUTTORD/KONKLUSJON

Rapporten har hatt mange forfattarar, og ein har hatt ulik tilnærming til stoffet, difor gir han ikkje så heilskapleg inntrykk som ein kunne ynskje. Vi håpar likevel at den gir eit innblikk i det kyrkjelege livet i ein geografisk stor kommune der folket har eit greitt forhold til kyrkja. Arbeidet med rapporten har gjort at både sokneråd og stab har fått opp augene for at det er mykje vi får til, og meir vi har lyst å gjere. Stort sett sett har det vore eit inspirerande arbeid.

Med helsing frå forfattarane:

Beate Nes, Kari Synnøve Muri, Hege Høiby, Harald Runde og Henny Koppen

Stryn 14.05.2021

VEDLEGG

Vedlegg 1: Soknerådsmedlemmer

Vedlegg 2: Rapport frå Utvik sokneråd

Vedlegg 3: Rapport frå Innvik Sokneråd

Vedlegg 4: Rapport frå Olden sokneråd

VEDLEGG 1

Innvik sokneråd.

Solveig Nyberg Heggdal	Leiar
Jan Paulen	Sekretær og kasserar
Harald Petter Heggdal	I fellesrådet
Else Marit Nesdal Paulen	Vara i fellesrådet
Jill-Trude Dyrvang	Vara i trusopplæringsutvalet
Henning Skogstad	
Harald Runde	Sokneprest Tlf. 91184241

Vara:

Jon Arne Hilde	
Siv Anita Gjerde	I trusopplæringsutvalet
Oddbjørn Reme	
Torill Olaug Bennæs	

Loen sokneråd.

Anne Wathne	Leiar
Anne Merete Seime Rasmussen	Nestleiar
Målfrid Karin Romsøe Sæten	Kasserar
Sissel Loen	I fellesrådet
Jorun Brattaker Loen	I trusopplæringsutvalet
Kari Haugen	Vara i trusopplæringsutvalet
Henny Koppen	Sokneprest

Vara:

Knut Roar Skåden
Jørn Arne Moen
Ove Jan Sæten
Egil Magne Olsbø

Nedstryn sokneråd.

Margaret Perdy Venøy Flo	Leiar
Øystein Myklebust Hesjedal	Nestleiar
Olaug Tunold Aarøen	Sekretær
Elisabet Bø Nesdal	Kasserar
Jan Bakke Flore	I fellesrådet
Jarle Fretheim Konstali-Lødemel	Vara i fellesrådet
Silje Kristin Frøysa	I trusopplæringsutvalet
Nina Ytreeide	
Vidar Stavik	
Henny Koppen	Sokneprest

Vara:

Marianne Lunde	Vara i trusopplæringsutvalet
Helga Renate Espe	
Arlinn Oddny Sanden	
Michelle Lindvik	
Lise Helen Hollsten	

Nordsida sokneråd.

Jorunn Beinnes Roset	Leiar
Bernt Ragnvald Veddegjerde	Nestleiar
Oddvar Bergset	Sekretær
Aslaug Håøy Nygård	Kasserar og i trusopplæringsutvalet
Gunnhild Bergset	I fellesrådet og KN kontakt
Ingvild Sætren	Vara i fellesrådet
Kjell Ove Bergset	
Hege Høibye	Sokneprest

Vara:

Rasmus Ivar Gald
Nancy Britt Ulvedal
Oddmund Teigland
Brit Elsa Holen Nygård
Lillian Gausenes Fenn

Olden sokneråd

Reidun Marit Brynstad	Leiar
Jorun Aa Myklebust	Nestleiar
Einar Åbrekk	Sekretær
Tove Kristin Vedlog	Kasserar
Arne Jostein By	I fellesrådet (leiar)
Astrid Andrine Melheim	
Brita Olaus Kvamme	
Joar Sunde	
Leiv Arne Skarstein Egset	
Harald Runde	Sokneprest Tlf. 91184241

Vara:

Toril Skåre Osvik
Erling Briksdal
Rune Fredheim
Kristin Blindheim

Oppstryn sokneråd.

Kathrina Elisabeth Flo	Leiar
Astrid Palma Sandvik	Nestleiar
Beate Øvreberg Glomnes	Sekretær
Sonja Skaare Esperø	Kasserar
Birger Skåre	I fellesrådet
Kari Nielsen Berge	
Henny Koppen	Sokneprest

Vara:

Olaug Petra Samuelsen Mork
Elin Hege Sunde
Magnus Arne Glosvik
Johnny Stølen

Randabygd sokneråd.

Edvin Rand	Leiar
------------	-------

Anne-Maren Takle	Nestleiar og i trusopplæringsutvalet
Wenche Henden	Sekretær, i fellesrådet og vara i trusopplæringsutv.
Inger Johanne Hopland	Kasserar og KN kontakt
Hege Høiby	Sokneprest

Vara:

Irene Susann Stensaker
Stig Ove Nesbakk
Jakob Hammer
Trine Rand
Inger Anne Hopland

Utvik sokneråd.

Leiv Tore Kårstad	Leiar
Berit Nesdal Hage	Nestleiar og vara i trusopplæringsutvalet
Mette Carlsen	Sekretær
Oddhild Hilde	Kasserar og vara i fellesrådet
Oddvar Veiteberg	I fellesrådet
Jorunn Skinlo Tisthamar	I trusopplæringsutvalet
Harald Runde	Sokneprest

Vara:

Bjørg Njøsén
Anders Olav Valaker
Inger Gjerstad
Tor Anders Hestad
Lars Erik Hage

VEDLEGG 2

FRÅ SOKNERÅDET I UTVIK SOKN

Samlingar i året i regi av soknerådet.

I Utvik har vi årleg ein fin årsfest med årsmøte. Siste åra har vi fylt den gamle skulestova på Tistam til fest, med årsmøtesaker, basar, barnekorsong, fellessongar, andakt og lang og god matøkt med ein god prat. Denne samlinga har godt oppmøte.

Om sommaren arrangerer vi Støylsmesse. Vi har så mange fine støylar i Utvik og Tistam, og vi byter på kvar vi er. Dette er fine samlingar midt i skaparverket.

I samarbeid med soknerådet i Breim, med ansvar annankvart år, har vi ei felles gudsteneste på Utvikfjellet, første søndagen i august. Vi samlast då i kafeen ved skitrekket, med lokalt kulturelt innslag i tillegg til gudsteneste og matøkt. I 2020 hadde vi samlinga ved den gamle samlingsstaden for desse to bygdene, på Brekka, ved Brekkestova.

Misjonsprosjekt.

Vi deltek med to offer årleg til Mali-prosjektet i regi av NMS.

Kristne tilbod til bygdefolket

I det vesle soknet Utvik er det eit godt samarbeid på tvers av lag og organisasjonar. Skal gode tilbod fungere, kan vi ikkje konkurrere om tidspunkt, leiarar og medlemmar. Tilbodet til barn og unge i kristen regi er godt. Det fins kristne foreiningar og bibelgruppe for vaksne. Det minst oversiktelege er det diakonale arbeidet. Vi har diakoniplan, men lite oversikt over det praktiske arbeidet.

Tilbod til barn og unge.

I Utvik har det kristne barne- og ungdomsarbeidet stått sterkt, og står sterkt. Dei fleste barna som veks opp i Utvik og Tistam, har delteke på dette. Vi er heldige som har trufaste eldsjeler som brenn for dette viktige arbeidet. I Utvik er det kristne barne- og ungdomsarbeidet i regi av Acta- barn og unge i Normisjon. Aktiviteten foregår mykje i bedehuset, «Misjonshuset», eigd av Utvik Normisjon.

Utvik barnekor har eksistert i over 40 år, med same leiar og dirigent heilt til i fjor! Då kunne ho i glede gje «roret» vidare til to mødre av kormedlem. Koret har medlem i barneskulealder, frå Utvik og Innvik. Dei har øving annankvar tysdag i Misjonshuset, med andakt og matøkt. Kormedlemmane får med seg heim «Barnas»-bladet utgitt av Søndagsskoleforbundet. Barna elsker å opptre, til stor glede for bygda og kyrkja. Dei syng fast på Kyrkjelydens årsfest, Hausttakkegudsteneste og festgudstenester på Julaftan og Palmesøndag. Koret er svært viktig for oss og gjev topp stemning på desse samkoma, med foreldre, søsken, besteforeldre og andre bygdefolk til stades!

Utvik Amigos er ei barne- og ungdomsforeining for unge i alderen 5. klasse og oppover. Dette året er alle medlemmane frå Utvik, men det har jamt vore barn også frå Innvik med. Foreininga har eige klubbrom i Misjonshuset, med samlingar annankvar fredag, med lek og spel, andakt og mat. Som mal for andaktene siste året har leiarane nytta «Aldri alene», eit samarbeidsprosjekt mellom Søndagsskolen Norge, Acta – barn og unge i Normisjon og NLM ung. Barna i Amigos har deltatt med lesing av bibeltekstar og bønner og tenning av lys på gudstenester.

Kvar jul, med unntak av sist år, har Utvik barnekor, Utvik Amigos saman med misjonsforeininga Utvik Normisjon arrangert juletreffest i Misjonshuset, for folk i alle aldrar, både tilhøyrande og besøkande i bygda.

Tilbod til vaksne.

Foreiningslivet har stått sterkt i Utvik, men aktiviteten har vore dalande då rekrutteringa har vore dårleg. Det eksisterer i dag to kristne foreiningar i bygda.

«Kvinneforeininga» tilknytta Norsk Misjonsselskap har samlingar ein til to gongar i månaden heime hjå dei i underkant av 10 medlemmane. På samlingane går praten lett, dei sit saman med handarbeid, har matøkt, bønestund og andakt, og dei samlar inn pengar til misjonsarbeid. Tidlegare hadde dei årleg basar i Misjonshuset, og dei siste åra har dei arrangert utlodningar med loddosal på loddbøker.

Misjonsforeininga Utvik Normisjon eig misjonshuset og har samlingar nokre gongar i året. Foreininga har få, men trufaste medlemmar som gjer ein stor innsats for å halde drifta av huset i gong. Bønefellesskap og samling om Guds ord står sterkt. Foreininga har årleg hatt basar til inntekt for arbeidet sitt.

Bibelgruppe. Soknerådet hadde i haust eit ynskje om å lage til eit tilbod for vaksne. Vi fekk i gong ei bibelgruppe. Der samlast 3-4 personar som går gjennom komande søndag sine tekstar og samtaler om denne. Dei samlast i bøn og et kveldsmat saman.

Diakonalt arbeid.

Vi er i kyrkjelyden velsigna med trufaste arbeidarar som i det stille legg ned eit stort arbeid med å besøke eldre og sjuke, med å gje ei oppmuntring til nokon som kanskje treng dette, og bibelvers og gode ord og takk til andre som gjer ein innsats, og med forbøn.

Det diakonale arbeidet og samlingar for eldre i bygda, i kristen regi, er noko vi kunne ha blitt betre på.

Soknerådet prøver å vere ei god støtte til det kristne arbeidet i bygda, i form av offer, takk og oppmuntrande ord.

VEDLEGG 3

Visitasmelding 2021 for Innvik sokn

Diakoni (diakoniplan som vedlegg)

Andakt på Vikane Omsorgssenter kvar veke ved soknepresten. Lekfolk frå Innvik, Utvik eller Olden når presten har fri. Mange av bebuarane ser fram til denne andaktstunda. Innimellom stiller også kyrkjemusikaren vår, Galia opp og akkompagnerar med fine tonar frå pianoet før og etter andakta.

Presten stiller også opp på forespurnad frå Omsorgssenteret, og ellers i bygda, ved ynskje om personlege samtaler og/el nattverd for einskildpersonar.

Som besøkstenest har vi hjelp frå Røde Kors i Vikane og Olden som stiller med fleire frivillege – flesteparten pensjonistar – som besøksvenner på Vikane Omsorgssenter ein fast dag i veka. Det er alltid triveleg å frette nytt heimanfrå når besøksvennene kjem.

Soknerådet gav i år helsing i form av blomar til dei ifrå soknet som er flytta på Omsorgssenteret.

Allehelgenssøndag eller nærliggande gudsteneste er minnedag for dei som har gått bort det siste året. Pårørande er spesielt inviterte, og i år fekk dei tilbod om å vere med å kveike lys etterkvart som namna vart opplese.

Gjevartenesta

Gjevartenesta har dei siste åra vore konstant på 4500,-. Det ligg utplassert informasjonsskriv med kontonr. i kyrkja, men vi ser at vi kunne vore betre på å informere om denne måten å gje støtte til kyrkjelydsarbeidet på. Inntektene her går med til å betale vår del av trusopplæringa til den oppveksande generasjon i soknet.

Vi har dei siste åra late 4 av årets gudsteneste-kollekter gå til kyrkjelydsarbeidet, då vi ser at dette er nødvendig for å dekke inn desse faste utgiftene.

Ellers held vi årleg basar/lotteri og har på det viset greidd å halde oss i balanse. Årets utlodning gav oss ei netto inntekt på rett under 20 000,- Nytt av året er oppretting av vipps-konto til soknet, i håp om at det vil gjere det lettare å gje.

Misjonsprosjekt

Misjonsprosjektet i Innvik kyrkjelyd støttar landsbyutviklinga i Mali. Vi forpliktar oss kvart år til å gje 2 ofringar til dette Mali-prosjektet. Ei av desse er under misjonsgudstenesta, der vi år om anna inviterar talarar som kan fortelje om arbeidet som vert gjort «ute på misjonsmarkene», og deretter går vi ut på kyrkjegarden for å legge blomar på grava til misjonær Gabriella Frøholm, som er gravlagd her i Innvik.

Støylsmesse/ Friluftsgudsteneste

Kvart år vert det halde ei friluftsgudsteneste. Vi har fram gjennom åra prøvd oss på fleire støylar, men har landa på at Prestestøylen er den beste lokaliteten i Innvik. Her kan den som treng det køyre bil heilt fram til støylskvia, og er derfor lett tilgjengeleg for eldre og/el rørslehemma. Her er også ei «borgstove» ein kan trekkje inn i om veret slær seg vrangt. Til vanleg samlar vi 30 – 40 personar denne dagen. Servering av kaffi og noko attåt.

Vi har også god erfaring med å legge friluftsgudstenesta i etterkant av det årvisse Sommartreffet på gardsmuseet Liatunet. Dette er siste helga i august. Her får vi hjelp av arrangørstaben med tilrettelegging av sitjeplassar, og er vermeldinga dårleg så rommar det store partyteltet oftast heile kyrkjelyden. I 2019 deltok 47 av dei frammøtte på gudstenesta.

Årets støyismesse er planlagt på Prestestøylen, og i eit forsøk på å trekkje fleire småbornsfamiliar, har vi planlagt aktivitetar og leikar for borna før gudstenesta startar.

Søndagsskule

Søndagsskule-namnet har vi behalde, men møtedagen er av praktiske grunnar flytta til tysdagen. Den gamle kyrkja vår har ikkje eigna lokale til å kunne samle borna i under dei vanlege gudstenestene, så i samarbeid med Vikane skule får vi låne eit klasserom. I 2020 var det 7 born i alderen 4 – 10 år som brukte tilbodet annankvar tysdag. Stor takk til Kari Runde som har leia søndagsskulen vår i 30 år!!

Julerefest

3. juledag er det duka til julerefest på Innvik Fjordhotell. Her er soknerådet medarrangør saman med foreldre til 2. klassingane ved Vikane Skule. 1-, 2- og 3-åringane m fam. i soknet spesielt inviterte for å få utdelt trusmaterieell i form av innråma biletet m kveldsbøn, 2-årsboka og sprelleengel. Så er det underhaldning m andakt, song og leikar, ei god matøkt og til slutt gang rundt juletreet, der nissen alltid dukkar opp til slutt. Det kan vere mellom 50 – 100 frammøtte denne dagen. Overskotet frå billettinntektene går til Misjonshotellet som takk for at dei stiller med hus, kaffi og storparten av serveringa.

Kva har vi jobba med denne perioden..

Det er ikkje vår oppgåve å skrive om kyrkjebygget, men det er ikkje råd å kome utanom at det er mykje «kyrkjebygg» som har oppteke oss sidan vi vart innvalde hausten 2019. I 2024 vert Innvik kyrkje 200 år!! Vi ser at vi nærmar oss med sjumilssteg, og det er sett ned ein komité som skal jobbe med eit nytt jubileumshefte. I dette høve er det mykje vi ynskjer å ta tak i både ute og inne. Taket har blitt totalrestaurert og vi har fått reparert kledning og måla kyrkja.

Ein landskapsarkitekt er i gong med å utarbeide ein heilskapleg plan for oppgradering av kyrkjegarden og parkeringsområdet, med omsyn til m.a beplantning, søppelhandtering, vasspost og ynskje om ein Urnelund!

Nye kyrkjetekstilar er under veving. Tidlegare har vi den kvite og grønne lesepult- og preikestolklede, no ventar vi spent på at vi får ferdig den raude og den lilla.

Pengar i kassa er alltid eit tema, så vi arrangerte koronavenleg utlodding i vår.

I tillegg til den vanlege friluftsgudstenesta sommaren, har vi på grunn av smittevernomsyn bl.a. arr utandørs julekonsert, og ei utegudsteneste no i vinter. Julaftan var det vår tur til å halde lekgudsteneste, og pga smitteomsyn, vart det 2 samlingar. Veldig gode tilbakemeldingar på alle desse arrangementa. På Vårdugnaden er vi avhengige av at bygdefolket stiller opp for å rekke over alt som må ryddast og pussast og vaskast! 22 fantastiske, frivillige møtte i år.

Nytt lydanlegg måtte skaffast i fjor haust, og vi augna då moglegheita for å utvide den nye teknologien til anskaffelse av prosjektor og lerret til bruk under gudstenestene. Vi ser på fleire moglege plasseringar av eit lerret – utan at det vil vere forstyrrende eller skjemma i

kyrkjerommet. Biskopen vil no snart motta ein søknad i om dette, der vi håpar på rask og konstruktiv tilbakemelding!

Innvik Sokneråd

Solveig Nyberg Heggdal

-leiar-

DIAKONIPLAN
FOR INNVIK SOKNERÅD frå våren 2019

Hovudmål: Fremje medmenneskeleg omsorg og inkluderande fellesskap i Innvik kyrkjelyd.

Område	Mål	Tiltak	Når?	Ansvarleg
1. Materielt livsgrunnlag og sosial rettferd	* Fremje sosial rettferd og betre levekåra for einskildmenneske lokalt og globalt	* Fasteaksjonen * Misjonsprosjektet i Mali * Rettferdig kaffi? * Ofringar til bistand-/misjonsorg. * Yte praktisk/økonomisk støtte ved særskilde behov i kyrkjelyden * Flyktningar/asylsøkjjarar - støtte	* Fastetida, årleg * Heile året * Ved kyrkjekaffi ol. * 6-10x årleg * Ved behov *Ved behov	* Presten/konfirmantarb. * Soknerådet * Soknerådet * Soknerådet * Soknerådet *Soknerådet i samarbeid med Bygdeutviklingslaget
2. Kontakt og fellesskap	* At eldre og funksjonsh. kjenner seg verdsett og inkludert i kyrkjelyden	* Julefeiring på Misjonsheimen * Besøksteneste * Nattverdgdusteneste, Omsorgss. * Kyrkjehelg for utviklingshemma * Konfirmantjubileum	* Jul * Kontinuerleg * Kontinuerleg * Etter «turnus» * September	* Soknerådet * Røde Kors/soknerådet * Presten * Soknerådet/presten * Soknerådet – samarb. m/Utvik
3. Sjelesorg	* Hjelpe menneske i deira forhold til Gud	* Samtale/bøn ved heimebesøk, evt. formidle kontakt med presten, kontakt med Omsorgssenteret og utetenesta.	* Kontinuerleg, ved behov	* Presten
4. Helse- og omsorgsarbeid	* Styrke frivilleg omsorgsarbeid i lokalmiljøet			* Soknerådet

Denne diakoniplanen er handsama i soknerådet 21. mai 2019, og gjeld til den blir revidert.

VEDLEGG 4

Visitasmelding - Innspel frå Olden sokn

5.2.1 Gudstenestelivet

Friluftsgudsteneste

Det har blitt tradisjon i Olden kyrkjelyd med friluftsgudsteneste på Sundshaugen i juni kvart år. Sunde er ei grend om lag midtvegs mellom Olden og Oldedalen, og Sundshaugen er ein godt eigna plass for samling og gudstenestefellesskap i det fri. Og fram møte er oftast godt. Deltakarane tek sjølve med seg noko å sitte på, og noko å bite i etter gudstenesta. Og dei som ikkje har med niste, får som regel tilbod om å forsyne seg av "reservemenyen" som grenda syter for. Denne gudstenesta under open himmel, set kyrkjelyden pris på. Og skulle veret sette ein stoppar for å få gjennomført gudstenesta i friluft, kan kyrkjelyden trekke i hus i den gamle skulen som ligg sentralt i grenda.

5.2.5. Diakoni

Diakoniplanen

Olden sokneråd vedtok i juni 2019 diakoniplan for perioden 2019-2023, og planen vart sendt inn til Diakonikonsulenten i Bjørgvin innan den fristen som var sett. Det nye soknerådet gjorde ei evaluering av planen i januar 2021. Planen som tek utgangspunkt i eit normalår for kyrkje og samfunnsliv, er retningsgjevande for det diakonale arbeidet i soknet i denne soknerådsperioden. Planen følgjer vedlagt.

Sjølv om planen skisserer ulike konkrete mål og tiltak, er soknerådet alltid innstilte på å finne alternativ når situasjonen krev det. Eit slikt eksempel er Covid-19 pandemien som gjorde det problematisk med blomsterhelsingar til jul til den aktuelle målgruppa. I staden for blomster vart det delt ut julebrev med bilete frå heimlege trakter.

5.2.6. Misjon

Samarbeidsavtaler

Kyrkjelydane i Olden sokn har gjennom mange år hatt eit levande misjonsengasjement. I 2001 inngjekk soknerådet ei samarbeidsavtale med Det Norske Misjonsselskap om landsbyutvikling i Mali, og det har blitt gitt årleg økonomisk støtte. Frå og med 2021 har soknerådet bytta prosjekt og inngått ny avtale med NMS med lovnad om økonomisk støtte til deira arbeid i Etiopia.

5.2.7. Kyrkjemusikalsk verksemd

Sommarkonsertar

Det er tradisjon med sommarkonsert i Olden i samband med Olden-dagane. Konserten er normalt i Olden gamle kyrkje, men i 2020 vart den på grunn av koronasituasjonen, flytta til nye kyrkja. Soknerådet står som arrangør av desse konsertane, som er populære, både blant fastbuande og tilreisande turistar. Når det gjeld aktørane, så prøver soknerådet å variere frå år til år.

- I 2017 var det Hot Club `d Aalesund som var aktør (gamle kyrkja).
- I 2018 var det JC Band som framførte Johnny Cash songar (gamle kyrkja).
- I 2019 spelte og song Edgar Paulsen Jim Reeves låtar (gamle kyrkja).
- I 2020 fekk kyrkjelyden oppleve fin song og musikk frå gruppa Stevia (nye kyrkja).
- Til årets sommarkonsert kan kyrkjelyden glede seg til å få høyre Mona Jill Band, som er eit lokalt band med mange fine melodiar og tekstar (nye kyrkja).

Andre musikkopplevingar

Olden og Oldedalen har eit rikt og variert song og musikkliv. Det er eit godt samarbeid mellom kor, korps og enkeltpersonar som stiller opp i ulike samanhenger. Soknerådet vil spesielt trekke fram det gode samarbeidet med Olden barne- og ungdomsskule, som fleire gongar har framført julekantata for born "Den store kongen" for ei fullsett kyrkje. Fantastisk var det også då Flaata, Ackles og Busk arrangerte Elvis-konsert i kyrkja i november 2019, ei oppleving av dei sjeldne.

5.2.8. Barne- og ungdomsarbeid

Korarbeidet blant barn og unge

I Olden har det i mange år vore eit aktivt korarbeid blant born og unge. Dette song og musikkarbeidet engasjerer mange og er til glede og oppmuntring både for små og store i kyrkjelyden.

- Olden barnekor er for born i alderen 4 år til 4.klasse og har 15-20 medlemmer både frå Olden og Loen. Øvingane går normalt føre seg kvar fjortande dag i Solvang, som er bedehuset i bygda. Øvingane er delt i tre, der ein startar og sluttar med song og får fine og gode andakter i midten. Og som oftast får dei litt å bite i før dei går heim. Det er mange foreldre / besteforeldre som er med på øvingane til barnekoret.
- Olden soul children har medlemmar i alderen 5. - 10.klasse. Også her kjem 15-20 kormedlemmer frå Olden og Loen på øvingane i Solvang. Dette koret har ofte delteke på Soul Children festival i Oslo, noko som har vore ei viktig drivkraft for denne aldersgruppa. Elles opptrer kora både i kyrkja og bedehuset, på eigne arrangement og felles med andre.

5.2.10. Gjevarteneste

Gjevartenesta til kyrkjelydsarbeidet i Olden sokn vart etablert på etterjulsvinteren 2009 i samband med at det vart tilsett nye medarbeidarar i katekettenesta og trusopplæringsarbeidet i kommunen, og som då utløyste større økonomiske forpliktingar for sokneråda. I mars 2009 sende soknerådet rundt informasjonsskriv med oppfordring til å bli med i ei fast gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet. Responen var nok størst i starten, men ordninga er aktiv og operativ også i dag.

Olden sokneråd, 10.05.2021

Reidun Brynstad
(leiar / AU)
-sign.-

Jorunn Aa Myklebust
(nestleiar / AU)
-sign.-

Tove Vedlog
(kasserar / AU)
-sign.-

Einar Åbrekk
-sekretær-